VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Innkalling
av
Fellesnemnda Alver

Møtedato: 03.12.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, Kantina
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til
eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
060/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
061/18	Godkjenning av møteprotokoll
062/18	Revisjonsordning Alver kommune
063/18	Sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Alver kommune
064/18	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering for 2019.
065/18	Mandat IKS og eigarskap
066/18	Mandat rapportering i Alver kommune
067/18	Møteplan 2019
068/18	Konsolidert økonomiplan Alverkommunane
069/18	Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune
070/18	Melding/orientering til fellesnemnda 03.12.2018

26. november 2018

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/179
Saksbehandlar: Tove Mette Fyllingen
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
060/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent.

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/160
Saksbehandlar: Tove Mette Fyllingen
Dato: 12.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
061/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Godkjenning av møteprotokoll

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

07.11.2018	FA protokoll 05.11.2018	1325247

ALVER KOMMUNE
Vi byggjer Alver kommune

Møteprotokoll
for
Fellesnemnd

Møtedato: 05.11.2018
Møtestad: Rådhuset, Manger
Møtetid: 12:00 - 14:20

Frammøtte medlem	Kommune	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	Radøy	AP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	SP	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	AP	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	H	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	AP	Leiar
Nils Marton Aadland	Meland	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	FRP	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	SP	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	Meland	KRF	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	KRF	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	AP	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Kommune	Parti	Rolle
Sveinung Toft	Lindås	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Kommune	Parti	Erstatter medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	Lindås	KRF	Sveinung Toft

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Ingunn Gjærde-trainee, Jarle Landås-ass.programansvarleg, Martin W Kullid-ass.programansvarleg, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-programansvarleg

Sakliste

Saknr	Tittel
057/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
058/18	Godkjenning av møteprotokoll
059/18	Melding/orientering til fellesnemnda 05.11.2018

057/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

05.11.2018 Fellesnemnd

Innkallinga låg ikkje på heimesida, innkallinga skal ligge ute i innsyn før møta.
Ellers ingen mernader, samrøystes.

FN - 057/18 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

058/18: Godkjenning av møteprotokoll

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

05.11.2018 Fellesnemnd

Det er ynskje om meir informasjon i protokollen i samband med melding/orienteringssaker, det kan t.d.vera vedlegg av presentasjonar eller lenkje til informasjon.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

FN - 058/18 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent.

059/18: Melding/orientering til fellesnemnda 05.11.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

05.11.2018 Fellesnemnd

- Gløde AS, KIM AS og Aufera AS ved dagleg leiar Gløde AS Bjørn Arild Herfindal, dagleg leiar KIM AS Morgan Taule og dagleg leiar Aufera AS Kari Smith. (ligg ved protokollen)
- Status frå programansvarleg Ørjan Raknes Forthun (ligg ved protokollen)
- Møte med kontrollutvala ved leiar Øyvind Oddekalv
- Opplegg for løpande orienteringar ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FN - 059/18 VEDTAK:
Meldinga vert teke til orientering.

PRESENTASJON AV VEKST-VERKSEMDENE I LINDÅS, RADØY OG MELAND

Reiskap for Alver kommune

AUFERA AS

- Antall tilsette: 6 ordinære stillingar
- Kompetanse: høgskuleutdanning: sosialpedagogikk, spesialpedagogikk, coaching.
    - fagutdanning: kokk, konditor, blomsterdekoratør, barne- og ungdomsarbeidar, omsorgsarbeidar, elektrikar, automatikar, handel og kontorfag og basiskurs i attføring.
- Tiltak / tiltaksplassar: 15 VTA fordelt på 17 arbeidstakarar
- Andre ordningar: - kommunane kjøper 2 X 50 %plassar og 2 X 100% plass
    - - for tida 2 elevar frå vidaregåande skular

- Omsetnad i 2017: 5 542 638

AUSTRHEIM KOMMUNE 37 %
FEDJE KOMMUNE 16 %
RADØY KOMMUNE 47 %


- Eigar: Austrheim kommune, Fedje kommune og Radøy kommune
- Styre/rolle:

styreleiar:	Siri Kaland
nestleiar:	Vidar Grindheim
styremedlem:	Roy Asle Tungland
styremedlem:	Eva Karin Klausen
styremedlem:	Oddmund Vikene

- Dagleg leiar: Kari Smith

ORGANISERING

- Lokasjonar: Mangersnesvegen 72 5936 Manger



PRODUKSJON / TENESTER

- Vaskeri med m.a. barrieremaskin. Vask av institusjonstøy, arbeidstøy, matteutleige og renseri. Reparasjon av tøy. Oppdrag for verksemder, offentlige og private.
- Treavdeling med produksjon av ulike treprodukt for private og m.m. fiskeindustrien.
- Vaktmeisteroppdrag på eige hus. Oppdrag hjå private og offentlege. Flytteoppdrag for private, NAV og kommunane.
- Boktransport – sortering og transport av bøk mellom biblioteka.
- Kjøkken- kantine til eigne tilsette. Produksjon av lefser, kaker, knekkebrød, diverse urteprodukt, møtemat m.m.

KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS

- Tal tilsette: 15 fast tilsett + 4 tilsett i Gjenbruksbutikken som lørdagshjelp.
- Kompetanse: Høgskuleutdanning: Økonomi, leiing, sjukepleie, pedagogikk og miljøfag.

  Fagutdanning: Aktivitør, kokkefag, barne- og ungdomsarbeid, sjoførfag og tømrarfag.
- Tiltak / tiltaksplassar: 30 VTA plassar fordelt på 31 arbeidstakarar.
- Andre ordningar: Kan ha lærlingar innan butikkfag og kokk.
  Har til ei kvar tid elevar frå vidaregåande skule.
  Inn til 6 kommunale plassar for dagopphald

- Omsetnad i 2017: Kr12 113 000.-

LINDÅS KOMMUNE 100%


- Eigar: Lindås kommune
- Styre/rolle:

Styreleiar:	Jan-Åge Johannessen
Nestleiar:	Leidulv Brunborg
Styremedlem:	Jostein Hellestveit
	Henriette Stormark
	Trude Hosøy Andersen
	Kåre Helge Østrem
	Gunnlaug B. Dale

- Dagleg leiar: Morgan Taule

ORGANISERING

- Lokasjon: Kvassnesvegen 52 – 54. 5914 isdalstø



PRODUKSJON / TENESTER

KIM AS har følgjande produksjon:

- Kantinedrift til i all hovudsak eigne tilsette. Stort sett kalde rettar, men av og til pizza og liknande til i all hovudsak eigne tilsette/ besøkande.
- Pakkeoppdrag. Pakkingssett til skipsindustrien m.fl.
- Trykkeritenester – Trykksaker som hefter, årsrapportar og liknande.
- Makulering av papir.
- Tekstiltrykk.
- Plukke søppel i nærområdet/ Knarvik senter og langs riks- og fylkesveg.
- Vask av brakker for Presis vegdrift.
- Vedproduksjon.
- Stell av grøntareal hjå private/ burettslag.
- Snekkerverkstad.
- Butikk – Gjenbruksbutikk – Med godkjenning for å kunne drive brukthandel
- Flytteoppdrag for private, NAV og Lindås kommune.
- Handarbeidsproduksjon/ Strikeproduksjon – Strikk og toving av ullprodukt. Vev.
- Produksjon av krukker og urner i leire.
- Utleige av kontorlokale til Lindås kommune.

GLØDE AS

Antall tilsette: 56 (Tilsetting på ordinære vilkår)

Kompetanse:

- Pedagogisk
- Ledelsesfag
- Økonomiske fag
- Kjøkkenfag
- Kontor / Adm.
- Juridisk
- Sosialfaglig
- Helsefaglig
- Industri- mekaniske fag
- Handverksfag
- Logistikk
- Arbeidsinkludering

Tilbud om fagopplæring innan ulike fag

GLØDE AS

- Tiltak / tiltaksplassar:
  - VTA 23 plassar / 27 personar
  - Kommunale plassar 10 plassar
  - AFT Arbeidsførebuande trening 42 plassar
  - Oppfølgingstiltaket 187 plassar
  - Avklaringstiltaket 45 plassar
  - Andre ordningar: lærlingar/elevar 6–9 personar
  - Til ei kvar tid: ca. 320 plassar

- Omsetning i 2017: kr. 54 542.000,-

EIGARAR - ALVER KOMMUNE 51,37%


Eigar	Eigardel %
Meland Kommune	36,08
Lindås Kommune	10,64
Hordaland Fylkeskommune	7,09
NFU	5,99
Framo Flatøy AS	5,37
Norges Handikapforbund Meland	4,79
Radøy Kommune	4,65
Sparebanken Vest	3,55
Meland Helselag	3,59
Austrheim Kommune	2,73
Helge Vidar Larsen	2,40
Masfjorden Kommune	2,02

Norsk Hydro	1,77
Steinar Knudsen	1,20
Karl G Oppsahl	1,20
Per Sæthre (dødsbo)	1,20
Ingvald Bastesen	1,20
Johan Alv Andersen	1,20
Gunnar Vetlejord	1,20
Equinor avd. Mongstad	1,06
Fedje Kommune	0,92
Adv. Olav Jordal	0,07
Nordhordland Næringslag	0,07

STYRE

Nils Marton Aadland		Leiar
Steinar Raa		Nestleiar
Åshild Aamli		Medlem
Anna K. Valle		Medlem
Ståle J. Hauge		Medlem
Anne Grete Eide		Medlem
Rune Myhr		Medlem for tilsette
Sølvi G. Knudsen		1. varamedlem
May Eva Sandvik		2. varamedlem
• Håvard Stusdal		Varamedlem for tilsette
• Svein Skjellanger	For tilsette	Med tale og forslagsrett
• Anne Grete Tvedt	Vara for tilsette	Med tala og forslagsrett,

ORGANISERING



LOKASJONER

Havnevegen 11 og 15 i Frekhaug Senter

- Administrasjon, kantine og produksjon

Mjåtveitflaten 33, 35 og 37 i Mjåtveit industriområde på Frekhaug

- Base for AFT teamet og produksjon

Hagellia 4 i Knarvik

- Base for Oppfølging og Avklaringstiltaket i Nordhordland

C. Sundsgate 51 i Bergen

- Base for oppfølgingstiltaket i Bergen

Litleåsvegen 49 i Åsane

- Base for Avklaringstiltaket i Åsane

PRODUKSJON / TENESTER

Avd. Frukt og Produksjon:

- Frukt- Jobb og skulefrukt
- Tekstil og glass
- Montering og pakking
- Minivaskeri
- Glødepluggar
- Den Lille Gartner
- Vaktmeister
- Aktivitetstilbod

PRODUKSJON / TENESTE

Lager /Logistikk og Service:

- Lager / Logistikk og produksjon
- Transport
- Bilpleie
- Kantinedrift (Rådhuskantinen og egen kantine)
- Catering, borddekking, pynting og servering i egne eller andre lokaler
- Lunsjkonsept
- Båtpumpeproduksjon
- Vinduslister
- Sykkelverkstad

PRODUKSJON / TENESTER

Grønt arbeid på Træland Gard

Språkpraksis med oppfølging i Gløde eller lokalt næringsliv

Språkopplæring

Prosjekt:

- Gjenbruk av bygningsmaterialer, innredning, dører og vindauge

  for bruk i eigen produksjon og salg.
- Ungdomsprosjekt med tilbud om aktivitet som kan tilbys både individuelt og for grupper. Aktivitetene har som formål å få elever som står i fare for, eller har valgt å avbryte utdannelse til å fullføre denne.
- Tilbud om oppfølging av sjukemeldte, tenesteyting innan rekruttering, rettleiing og karriererettleiing opp mot bedrifter og kommunar.
- Sal av teneste til privatpersonar

TILRETTELEGGE FOR AVTALER

- **Vi arbeider for å inngå samarbeidsavtaler gjennom:**
- **Inkluderende Kommune**
- **Inkluderende bedrift**

MOGLEGHEITER I ALVER KOMMUNE

Samhandlingsområder:

- Språkpraksis
- VTA / Kommunale plassar, - lang venteliste
- Intern – ekstern praksis (AFT)
- Eigarane som praksisarena
- Reserverte kontraktar
- Tilbod til andre målgrupper (Rus Psykiatri / Drop-out)

MOGLEGHEITER I ALVER KOMMUNE

- Vaktmeistertenester / praktiske heimetenester
- Vedlikehaldsarbeid og tilsyn med kommunale bygg
- Veg og sti-rydding
- Transport
- Reinhald og enkel service av kommunale bilar / dekkhotell
- Kantinedrift
- Matleveransar
- Drifte hjelpemiddellager, reinhald/vedlikehald, transport / logistikk

MOGLEGHEITER I ALVER KOMMUNE

- Sentral plassering i høve til å kunne tilby tilrettelagte arbeidsplasser der folk bur.
- Sentral plassering i høve til å kunne tilby tilrettelagte arbeidsplassar for folk i nordre del av regionen.
- KIM har stort tomteareal i regulert område for næringsformål.
- Alver kommune bør utarbeide ein strategi for bruk av skjerma anbod til vekstbedrifter.
  - Vi kan drifta kantine og andre funksjonar i det nye Helsehuset
  - Vi kan drifte vaskeri for kommunale institusjonar.
  - Vi kan drifte kommunale plenareal – plenklipping mm
  - Vi kan utføre beplanting av private graver (Samarbeid med kyrkeleg fellesråd)
  - *«Det har jeg aldri prøvd før, så det tror jeg sikkert at jeg kan klare» - Astrid Lindgren*


ALVER KOMMUNE
Vi byggjer Alver kommune

Fellesnemnd

05.11.18


Innplassering leiarar

Innplassering av leiarar

Eigedomsforvaltning:	Line Merete Valle	
Drift og vedlikehald:	Kjetil Spurkeland	(ekstern)
Næring og utvikling:	Tanja Hoel	(ekstern)
Politisk sekretariat:	Tove Mette Fyllingen	
Arkiv/sentralbord/kundetorg:	Anne Austrheim	

Prosjektmetodikk konseptfase

GROV FRAMDRIFTSPLAN



Status IKT

Status IKT

- Elektronisk pasientjournalsystem - anbod
- Administrativ barnehagesystem - anbod
- Visma ressursstyring - konsolidering
- Visma/Acos - konsolidering
- «Kart»

Sidan sist

Sidan sist

- Budsjett
  - Avklaring arkiv
  - Avklaring IKT
- Verktøy for kartlegging av arbeidsprosessar
- Gevinstrealisering – føl utviklingsarbeid KS/nye Asker kommune
- Prosjektleder NAV – konseptfase jan til mars – fylkes-MBA 30. okt.

Politiske saker

Desembermøte

- Orientering barnevern og lønn- og rekneskap
- Revisjonsordning
- Budsjett fellesnemnda 2019 – 2020
- Konsolidert økonomiplan Alverkommunane
- Mandat prosjekter i 2019
- Drøfting av rapportering 2019

2019

- Økonomiplanarbeidet
  - Økonomiplan med handlingsdal klar til møte i fellesnemnda i juni 2019
  - Basert på politiske vedtak i de tre kommunane.
  - Endeleg vedtak av årsbudsjett og økonomiplan med handlingsdel des. 2019.
- Identitet, symbol og felles kultur
- Politisk styringsstruktur og lokaldemokrati
- Valstyre

2019

- Arbeidsgjevarpolitikk
- Kommunikasjonsstrategi
- Planstrategi
- IKS og eigarskap
- Økonomisk politikk og handlingsreglar
- Rapporteringssystem Alver kommune
- Samordningsutfordringar som krev politiske vedtak
-

Rapportering 2019

Rapportering 2019

- Økonomi
- Framdrift prosjektportefølje
- Lokalisering
- Innbyggarrettleiing
- Harmonisering av tenesteyting
- Gevinstrealisering

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/168
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
062/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Revisjonsordning Alver kommune

Kontrollutvala sine framlegg til vedtak ligg som vedlegg til saka:

Bakgrunn for saken:
Kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås skal gje kvar si innstilling til fellesnemnda om val av revisjonsordning.
Tilråding frå Radøy og Meland ligg ved saka, tilråding frå Lindås vert ettersendt.

Vedlegg i saken:

26.11.2018	Val av revisjonsordning - revisor for Alver kommune - utgreiing	1325321
26.11.2018	Nordhordlan Revisjon IKS Selskapsavtale signert 27.05.2016	1325322
26.11.2018	2018 11 15 Særutskrift - Meland kontrollutval - tilråding revisjonsordning	1325316
26.11.2018	2018 11 14 Særutskrift kontrollutvalet Radøy, val av revisjonsordning	1325319

UTGREIING

VAL AV REVISJONSORDNING FOR ALVER KOMMUNE

Utført av
Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Kontrollutvalssekretariatet

Oktober 2018

BAKGRUNN

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har vedteke at dei skal slåast saman til Alver kommune frå 01.01.2020. I den samanheng må det veljast revisjonsordning og revisor for den nye kommunen.

Kommunestyra i dei tre kommunane har delegert til fellesnemnda å ta stilling til revisjonsordninga. Fellesnemnda skal gjere sitt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Kontrollutvala i kommunane har – (Lindås i møte den 13.09.18, Radøy i møte den 19.09.18 og Meland i møte den 20.09.18) – gjort følgjande likelydande samrøystes vedtak:

> *«Kontrollutvalet ber sekretariatet innan 15.10.18 utgreie og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning basert på dei moment og den framdriftsplan som går fram av saksutgreiinga»*

Ved kontrollutvala si handsaming av saka er habiliteten til sekretariatet også vurdert med slike likelydande konklusjonar:

> *Kontrollutvalet meiner at sekretariatet, som del av Nordhordland Utviklingsselskap IKS er klart uavhengig av Nordhordland Revisjon IKS og derfor habil til å utgreie sak om revisjonsordning / revisor for Alver kommune.*

LOVA SINE RAMMER FOR VAL AV REVISOR

Kommunelova § 78, 3. og 4. ledd legg til grunn at det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha og som vel kven som skal vere kommunen sin revisor.

Kommunestyret sitt val av revisjonsordning og revisor skjer på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalet.

Kommuneloven § 78

3. ledd

> *«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».*

4. ledd

> *«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».*

I samband med samanslåinga av Radøy, Meland og Lindås kommunar er det i tråd med Inndelingslova § 26 oppretta ei fellesnemnd for å samordne og førebu samanslåinga.

Etter § 26 femte ledd kan fellesnemnda få fullmakt til å tilsetje revisor, vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annen revisor.

Inndelingslova § 26, 5. ledd:

> *«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»*

Dei tre kommunane har i tråd med lovkrav ved søknad om kommunesamanslåing fatta vedtak om fellesnemnda si samansetting og oppgåver i møte den 22.06.17.
Det vart i møte vedteke at:

> *5 «Fellesnemnda får fullmakt til å:*
> *5.5 gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. Inndelingslova §26 femte ledd, første punktum»*

Kommunelova § 78 slik den er formulert gjev kontrollutvala to innstillingsoppgåver i logisk rekkefølgje:

1. innstilling på val av revisjonsordning
2. innstilling på val av revisor

Med utgangspunkt i ovannemnde vert det lagt til grunn at kontrollutvala i dei tre kommunane skal gje kvar si innstilling til fellesnemnda om val av revisjonsordning og val av revisor.

REVISJONSORDNINGAR I HORDALAND - 2018

Kommunar og fylkeskommunen i Hordaland får utført sine revisjonstenester slik:

SELSKAP - REVISOR	***KOMMUNAR***
Nordhordland Revisjon IKS	Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt § 27	Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss
BDO AS	Bergen (Rekneskapsrevisjon – delt oppdrag)
Deloitte AS	Askøy, Bergen (Forvaltningsrevisjon - delt oppdrag), Bømlo, Etne, Fitjar, Fjell, Fusa, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Os, Samnanger, Sund, Sveio, Tysnes, Vaksdal, Øygarden. Hordaland fylkeskommune
KPMG AS	Austevoll, Stord
Vestlandsrevisjon AS (Indre Hordaland Revisjonsdistrikt er hovudaksjonær 96%)	Granvin

I Norge var det pr. 01.06.18 totalt 59 kommunar og to fylkeskommunar som hadde konkurranseutsett heile eller delar av sine revisjonstenester. Av desse er ein stor del (20) kommunar i Hordaland.

DAGENS ORDNINGAR FOR MELAND, LINDÅS OG RADØY

I dag har ikkje kommunane lik revisjonsordning. Alle kommunane har avtalar for sine revisjonstenester fram til samanslåinga pr. 01.01.2020.

Lindås har eit samla oppdrag for kjøp av både sine revisjonstenester for rekneskap og forvaltningsrevisjon / selskapskontroll frå privat revisjon – Deloitte AS. Deloitte utfører også overordna analyse av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på oppdrag frå kontrollutvalet. Inngått avtale er på 3 år med opsjon på 1 år. Avtalen er forlenga slik at den går ut i samsvar med føresetnader for kommunesamanslåinga.

Kontrollutvalet i Lindås kommune har eit budsjett for 2018 vedkomande revisjonstenester med totalt kr 695 000 som er slik fordelt – rekneskapsrevisjon kr 230 000 og forvaltningsrevisjon kr 465 000. Omfang av forbruk til forvaltningsrevisjon avheng av tal prosjekt som vert gjennomført.

Pr. 01.01.2018 var tal innbyggjarar i Lindås kommune 15 789.

Meland og Radøy har offentleg revisjon. Meland og Radøy er medeigarar i og får sine revisjonstenester frå Nordhordland Revisjon IKS.

Pr. 01.01.2018 var tal innbyggjarar i Radøy kommune 5 129.
Pr. 01.01.2018 var tal innbyggjarar i Meland kommune 8 079.

Deltakarar og ansvarsdeling i Nordhordland Revisjon IKS er frå og med 01.01.2016: Austrheim (10,8%), Fedje (2,2%), Masfjorden (6,5 %), Meland (29,6%), Modalen (1,4%), Osterøy (30,2%) og Radøy (19,3).

Eigardelen i Nordhordland Revisjon IKS kan endrast ved at deltakarar trer inn eller ut av selskapet, og ved at ansvarsdelen vert regulert i høve til folketalet kvart 4. år.

Utmelding er slik regulert i §20 i selskapsavtalen*:*
Den enkelte deltakar kan med eit års skriftleg varsel einsidig sei opp si deltaking etter reglane i «Lov om interkommunale selskaper»

Nordhordland Revisjon IKS sine årlege driftsutgifter vert fordelt etter følgjande nøkkel (§4);

- Eit grunnbeløp på kvar deltakarkommune.
- Revisjonen sine netto budsjetterte utgifter vert fordelet mellom dei deltakande kommunar etter registrert tidsforbruk i den enkelte kommune.
- Revisjonen føreteke jamleg registrering av tidsforbruk for den enkelte kommune.
- Inntekter frå ulike revisjonsoppdrag, som ikkje inngår i revisjon av dei kommunale rekneskapane og forvaltningsrevisjonar, går til frådrag i dei totale utgiftene som skal fordelast mellom eigarkommunane.

Styret vedtek årsbudsjettet og kostnadane vert fordelt på eigarane etter forventa timeforbruk. Kostnader til forvaltningsrevisjon er inkludert. Bestillingane er basert på kontrollutvala sine forslag og påfølgande vedtak jfr. plan for forvaltningsrevisjon som er vedteken i det enkelte kommunestyre.

I Budsjettet for 2018 er det slik fordeling av fakturerte kostnader på eigarkommunane:

Austrheim	kr	556 475
Fedje	kr	350 574
Masfjorden	kr	460 801
Meland	kr	942 270
Modalen	kr	324 825
Osterøy	kr	1 056 631
Radøy	kr	789 760
Sum	kr	4 481 340

ALTERNATIV FOR ORGANISERING AV REVISJON

Kommunelova § 78 nr 3. opnar for at kommunestyret (oppgåva er delegert til fellesnemnda for Alver) kan velje mellom tre alternative revisjonsordningar:

- tilsette eigne revisorar
- delta i interkommunalt samarbeid/selskap
- kjøpe heile eller delar av revisjonstenestene i marknaden

Uavhengig av kva ordning for revisjon som vert velt, vil revisjonsarbeidet vere styrt av detaljerte forskrifter, metodar og standardar med konkrete krav til utdanning og praksis hos revisorane. Dette skal vere med å sikre revisjonen sin uavhengighet til revidert part. Vilkåra gjeld enten revisjonen er kommunal/interkommunal eller privat og skal sikre grunnleggjande kvalitet på arbeidet, uavhengig av ordning. Det ligg til kontrollutvalet å føre tilsyn / sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Inndelingslova opnar for ei vidareføring av deltaking i interkommunalt samarbeid (eller anna revisor) om revisjon for den nye kommunen. Dette alternativet er ikkje aktuelt i denne samanheng (for Alver) sidan kommunane har ulike ordningar.

TILSETTE EIGNE REVISORAR

Kommunen kan tilsette eigne revisorar for å dekke kommunen sine behov for revisjonstenester. Denne ordninga finn vi i dag i nokre store kommunar som Oslo, Trondheim, Bærum og einskilde fylkeskommunar. Revisorane er tilsette i kommunen og dagleg leiar skal veljast av kommunestyret, men dei kan ikkje instruerast om revisjonsfaglege tilhøve og er slik sett uavhengige. Rådmannen har ingen instruksjonsmyndighet overfor tilsette revisorar.

Fordelar med eigne tilsette revisorar, er at desse har kontinuerlig fokus på sin kommune og kan vere lett tilgjengeleg for politikarar og administrasjon. Oppgåva som revisor for berre ein kommune gjev god kunnskap om revidert eining og den etablerte organisasjonskulturen. Tilgjenge kan bidra til at revisor i større grad kan tene som rådgjevar for kommunen, men berre innanfor ramma av dei krav som vert stilt til revisor sin uavhengighet jmfr. Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar kapittel 6.

Ulempe ved eigen kommunerevisjon er mogleg sårbarhet ved liten organisasjon og tette forhold mellom revisor og administrasjonen. Lite fagmiljø kan i tillegg tenkjast å kunne påverke rekruttering.

Ingen kommunar i Hordaland har denne ordninga.

INTERKOMMUNALT SELSKAP/SAMARBEID – EIGENREGI

Stortinget vedtok ***8. juni 2018 ei ny kommunelov***. Tidspunktet for iverksetting er ikkje endeleg fastsett. Departementet har likevel lagt opp til at einskilde delar av lova skal tre i kraft frå 1. juli 2019. Forskrifter til den nye lova er under utarbeiding i departementet.

§ 27 SAMARBEID

Den nye lova opnar for at § 27 samarbeidsforma vert vidareført, men i endra form. Noverande § 27 selskap må omdanne seg enten til kommunalt oppgavefellesskap eller alternativt omorganiserast til anna selskapsform (IKS, AS eller SA) seinast fire år etter at kommunelova er sett i kraft.

Det er kommunestyra og fylkestinga i alle deltakarkommunane som sjølv må treffe vedtak om omdanning til ny selskapsform og vedta ny samarbeidsavtale (eller selskapsavtale om ein vel omdanning til IKS).

KOMMUNALT OPPGAVEFELLESSKAP (§ 19 i ny kommunelov)

To eller fleire kommunar kan saman opprette eit kommunalt oppgavefellesskap for å løyse felles oppgåve. Samtlege deltakarkommunar må vere representert i det øvste (eigar)organet i eit oppgavefellesskap, representantskapet. Kommunestyra oppnemner sjølv medlemar og varamedlemar til representantskapet.

Det er krav om å ha ein skriftlig samarbeidsavtale mellom deltakarane i oppgavefellesskapet, og det er fastsett einskilde minimumskrav til innhald i samarbeidsavtalen. Representantskapet kan også sjølv bestemme å opprette «andre organer til styring av rådet». Det vil i praksis sei at representantskapet kan opprette eit styre.

Deltakarane/kommunane vil ha ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av oppgavefellesskapet sine forpliktingar, tilsvarande som for IKS.

Vidare må det stå i samarbeidsavtalen om oppgavefellesskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt, kva oppgåve og mynde oppgavefellesskapet skal ha, den einskilde deltakar sin eigar- og ansvarsdel, innskotsplikt og reglar for uttreden og oppløysing av oppgavefellesskapet.

Framleis vil det vere slik at IKS-lova har ei meir omfattande regulering og fleire bestemmelsar som vil kunne bidra til ei løysing dersom det skulle oppstå usemje mellom deltakarane.

INTERKOMMUNALT SELSKAP (IKS)

Interkommunalt selskap er regulert i ei eiga lov, *Lov om interkommunale selskaper* (IKS-lova), etter mønster av dei forvaltningsmessige prinsippa i aksjelova. Selskapsforma er særleg tilpassa kommunale eigarar og harmonisert med kommunelova sine bestemmelsar. Lova har bestemmelsar om krav til budsjett, rekneskap, økonomiforvaltning, eigarskifte, oppløysing og

avvikling. Selskapet er eit eige rettssubjekt og har arbeidsgjevaransvar for sine tilsette.

Selskapet vert oppretta ved inngåing av ein selskapsavtale mellom deltakarane. Selskapsavtalen omtalar kven som er selskapet sine deltakarar, føremål, eigardelar, representasjon i representantskapet, innskotsplikt og tal styremedlemmar. Det kan vere føremålstenleg at det i tillegg inngår eit punkt om levering av revisjonstenester til den einskilde kommune med opplysing av den perioden kommunen forpliktar seg til å delta i samarbeidet samt oppseiingsfrist.

Det einskilde kommunestyre utøver sin myndigheit gjennom representantskapet og har instruksjonsmyndigheit over sin representant. Representantskapet vel selskapet sitt styre. Selskapsavtalen kan berre endrast ved at kommunestyret i alle dei deltakande kommunane gjev sitt samtykke.

Når eit interkommunalt samarbeid er oppretta for å tilgodesjå eigarane sitt behov, så fell dette inn under omgrepet eigenregi, og regelverket for offentlege anskaffingar kjem ikkje til anvending. Med eigenregi meinast at hovuddelen av selskapet si omsetning må vere mot eigarane. Anna kommersiell aktivitet skal vere avgrensa. Grensa for dette er ikkje eksplisitt uttrykt, men uttalt praksis synes å liggje rundt 10 – 20 % av omsetninga.

SØKJE SEG INN I EKSISTERANDE INTERKOMMUNALT SAMARBEID / SELSKAP

Radøy og Meland er i dag medeigarar i Nordhordland Revisjon IKS, medan Lindås tidlegare har gått ut av dette samarbeidet.

Den nye kommunen – Alver – kan søkje om deltaking i Nordhordland Revisjon IKS, som er eit etablert selskap og som vert drive i eigenregi. Dette må godkjennast av dei andre eigarane- / deltakarkommunane i selskapet. Det må då også fastsetjast på kva vilkår intreden skal skje.

Dersom ein vel interkommunalt selskap som revisjonsordning i tråd med IKS-lova, så vil i praksis Nordhordland Revisjon IKS vere einaste potensielle partnar å slå seg samen med.

Fordelar ved interkommunale selskap/samarbeid er at dei er underlagt vanleg forvaltningsmessig lov og forskrift, og dei er opne for politisk innsyn og kontroll. Desse selskapa/samarbeida kjenner godt det kommunale systemet både administrativt og politisk.

Interkommunale selskap må vere robuste og bør ha kapasitet til å betene eigarane med kvalitativt gode revisjonstenester. For å styrkje sin posisjon i denne samanheng, så har Nordhordland Revisjon IKS siste åra hatt ulike drøftingar om eit utvida samarbeid med andre interkommunale revisjonsselskap/samarbeid.

Når det gjeld interkommunale selskap organisert etter IKS-lova, kan det vurderast som ei praktisk ulempe at alle vedtektsendringar og økonomiske saker av vesentlig karakter skal leggast fram for eigarane. Eit IKS med mange eigarar medfører tidkrevjande saksbehandling ved vedtektsendringar.

Inndelingslova opnar for ei vidareføring av deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon for den nye kommunen. Men sidan kommunane har ulike ordningar er ikkje dette alternativet aktuelt her (for Alver).

KJØP AV REVISJONSTENESTER I MARKNADEN

Kommunelova § 78 nr. 3, gjev kommunen høve til å velje om den vil konkurranseutsetje heile eller delar av revisjonstenesta i marknaden. I denne samanheng er det meint å kjøpe revisjonstenester frå private revisjonsselskap. Ein kan velje å kjøpe heile eller delar av dei revisjonstenestene som kommunen har behov for i marknaden. Det betyr at ein til dømes kan velje berre å kjøpe forvaltningsrevisjon eksternt, og behalde rekneskapsrevisjon eller motsett, eller ein kan velje å kjøpe alle revisjonstenestene i marknaden.

Ved konkurranseutsetting vel kommunen sin revisor for ein bestemt periode, ofte 2 til 4 år. Deretter vert oppdraget lyst ut att på anbod. Det kan bety regelmessig skifte av revisjon med dei fordeler og ulemper det kan ha. God kunnskap og erfaring om revidert part er ofte fordelaktig i revisjon, og er noko som vert opparbeida over tid. Dette må sjåast i høve til skifte av aktørar som kan ha anna erfaringsbakgrunn og ser ting med «nye auge».

Dersom kjøp av revisjonsteneste i marknaden vert valt, må det det utlysast ein konkurranse for perioden 2020 – 2022/23.

Dersom fellesnemnda vel å kjøpe revisjonstenestene i marknaden, gjeld reglane for offentlege innkjøp. Regelverket skal medverka til at alle offentlege innkjøp skjer på ein måte som sikrar konkurranse, god forretningsskikk, forholdsmessighet, likebehandling av leverandørar, er forutsigbar, gjennomsiktig og kan etterprøvast. Ved kjøp i marknaden vil det medføra kostnader knytt til sjølve innkjøpet og kvalitetssikring, kontraktstyring og oppfølging. Erfaring viser at kjøp av revisjonstenester i marknaden er ein tidkrevjande prosess frå det vert bestemt å gjennomføra konkurranse til anskaffinga er avslutta og revisor engasjert. Prosessen kan ta frå ½ år til 1 år med førebuing av konkurransegrunnlag, forankring i kontrollutval, evt. offentleg utlysning på Doffin med dei fristar som gjeld, gjennomgang og val av tilbydar, innstilling frå kontrollutval, behandling i kommunestyre/fellesnemnd, tildeling av oppdrag, klagefrist og kontraktskriving.

Perioden for kontraktsinngåinga vert avklart i konkurransegrunnlaget og ny konkurranse-utsetting må føretakast innan utløp av denne perioden. Kontraktsoppfølging må gjerast undervegs i perioden. Konkurranseutsetting av revisjonstenesta og kontraktsoppfølging er ei oppgåve som krev ekstra tid og kostnader.

Fordeler med store private revisjonsselskap er at dei har store ressursar og ein stor organisasjon å spele på og som dekker mange fagområde. Dette gjer dei robuste med tanke på leveransar og gjer dei mindre sårbare enn små organisasjonar. Fleire av selskapa har også rekruttert tilsette som tidlegere har jobba i offentleg revisjon.

Moglege ulempe ved privat revisjon kan vere noko mindre erfaring med offentleg forvaltning og politiske kulturar. Gjennom å vere forretningsstyrte selskap kan ein forvente at dei opererer med høgare timepris enn kommunal revisjon. Det kan vere variasjon mellom privat- og offentlig revisjon, men det kan også være forskjell mellom private aktørar.

Det vart først opna for ei konkurranseutsetting av kommunale revisjonstenester i 2004. Kommunelova vart då endra og det kom ei ny forskrift om dette. Den gong vart det opna ein ny marknad og det var stor interesse hos private revisjonsselskap med konkurranse om moglege oppdrag.

Sekretariatet er kjend med at det (pr 01.06. 2018) er 59 kommunar og to fylkeskommunar som har valt å konkurranseutsetje heile eller delar av sine revisjonstenester. Mange meiner at erfaringane er gode og opplever å ha fått både betre og billegare revisjon enn tidlegare.

Også interkommunale revisjonsselskap kan konkurrere om revisjonsoppdrag i marknaden. Dette er også tilfelle for Nordhordland Revisjon IKS. Men IKS-selskapa har, som før nemnd i si eigarform, eit avgrensa høve til å utføre kommersielle tenester innan sin samla økonomi. Nordhordland Revisjon IKS har derfor oppretta eit heileigd aksjeselskap som dei nyttar til sal av ulike revisjonstenester.

Sidan 2004 synes konkurransesituasjonen å ha endra seg noko over tid.
I Hordaland er det mange kommunar som har valt å konkurranseutsetje sine revisjonstenester.

Revisjonsoppdraga fordeler seg slik på ulike private selskap og IKS (2018):

Deloitte AS	35 oppdrag inkl. berre forvaltning
KPMG AS	15 oppdrag
BDO AS	8 oppdrag
Sogn og Fjordane Revisjon IKS	8 oppdrag
Rogaland Revisjon IKS	1 oppdrag

KOSTNADER VED REVISJON

Budsjetta til revisjonsselskapa i interkommunalt samarbeid (§ 27) / kommunalt oppgavefellesskap (§19) eller interkommunale selskap (IKS) vert fastsett av styre / representantskap. Kostnadane vert fordelt på eigarane med bakgrunn i vedtekter og selskapsavtale.

Det er vanskeleg å føresjå kostnaden for kjøp av revisjonstenester i marknaden. Den vil først verte synleggjort gjennom ein konkurranse. Erfaring tilseier at ein del kommunar synes å vere nøgd mellom anna med omsyn til pris i avtalen, men tilleggsrekningar kan førekome. Dette er tilhøve som til ei viss grad kan regulerast gjennom konkurransegrunnlaget og i kontrakt. Ved kjøp av revisjonsteneste i marknaden må konkurranseutsetting føretakast i periodar, og kostnadane samt tidsbruken til dette arbeidet må også takast omsyn til.

Kostnadar for revisjonstenester frå ulike leverandørar, både kommunale, interkommunale og private, vil sjeldan vere samanliknbare utan at ein korrigerer for innhald og omfang i leverte tenester, tal rapportar og kompleksitet i rapportar mm. Ei samanlikning krev derfor vesentleg kjennskap til innhaldet i revisjonsarbeidet.

Erfaring med ulike revisjonsselskap og ordningar syner også noko ulik praksis på korleis dei arbeider og framskaffar dokumentasjon og nødvendig revisjonsgrunnlag. Variasjonane på dette området gjer det vanskelig å synleggjere heile kostnadsbilde, særleg med tanke på i kor stor grad revisjonen er avhengig av kommunen sin administrasjon for å utføre oppdraget.

SEKRETARIATETS VURDERING

Tilsette eigen revisor

Det er mogleg for ny organisering å etablera ein eigen kommunerevisjon for den nye kommunen. Dette alternativet er ikkje særleg utbredt og som nemnd tidlegere finn vi det stort sett i store kommunar kor det vil vere rom for eit større og meir robust revisjonsmiljø.

Sekretariatet meiner denne ordninga ikkje er aktuell.

Interkommunalt samarbeid/selskap

Eit anna og meir relevant alternativ er å søkje seg inn i eit etablert interkommunalt samarbeid eller selskap. I praksis vil det då vere naturleg at Alver kommune vel å gå inn i Nordhordland Revisjon IKS. Det interkommunale selskapet driv etter sjølvkostprinsippet.

Nordhordland Revisjon IKS har god kunnskap om kommunane Meland og Radøy, og har revidert kommunane i mange år med dei fordelar det gjev. Selskapet kan ta på seg revisjonsoppdraget for nye Alver kommune. Ei slik ordning vil ivareta nærleik, vidareføring av lokal kompetanse og erfaring. Med denne ordninga kan kommunen velje eigarskap der kommunen kan dra nytte av erfaring av tidlegare revisjonsarbeid innan kommunen.

Organisasjonsmessig, med omsyn til storleik, breidde i kompetanse og ved rekruttering, kan Nordhordland Revisjon IKS i dag vere noko sårbar. Eit tettare samarbeid med andre interkommunale selskap kan motverke dette.

Denne ordninga er aktuell og i så fall er det naturleg å velje Nordhordland Revisjon IKS.

Kjøp av revisjonsteneste i marknaden

Kontrakten mellom Deloitte AS og Lindås kommune går ut 31.12.2019. Dersom ordninga med kjøp av revisjonsteneste i marknaden vert valt er det opent kven som får revisjons-oppdraget. Det er usikkert om eit revisjonsselskap med kunnskap og erfaring frå Lindås kommune vinn.

Dersom kjøp av revisjonstenester i marknaden vert valt, må det veljast revisjonsperiode / kontraktslengde og tidleg i 2019 inviterast til tilbodskonkurranse for perioden 2020 – 2022/23. Revisjonsselskap skal levere innanfor kontrakten jfr. konkurransegrunnlaget. Det kan skrivast tilleggsfakturaer ved eventuelle førespurnader om rådgjeving og bistand utover avtalt kontrakt.

Denne ordninga er aktuell og kan i utgangspunktet vere rimelegare. Kva oppgåve som ligg i kostnaden kan variera med omsyn til omfang av forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, rådgjeving, attestasjonar og anna arbeid.

Delt løysing

Det aller vanlegaste er at ein kommune har same revisor for alle revisjonstenester – rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det er også eit alternativ å ha ei delt løysing, men nesten ingen kommunar har dette utanom store kommunar som Bergen og einskilde fylkeskommunar. Ei slik ordning vurderer ein ikkje som aktuell for Alver kommune.

OPPSUMMERING

Ved val av revisor er det fleire element som kompetanse og erfaring, tilgjenge/responstid, samt tydelegheit i rapporteringa som bør telje med i vurderinga. Nemnde punkt gjev kvalitet på utført revisjonsarbeid og vil sannsynlegvis også spegle att kostnaden for levert revisjonsteneste.

Ei samanlikning av ulike revisjonsordningar gjev eit bilde av dei ulike eigenskapane ved kvar ordning. Det vil vere pris og kvalitetsskilnadar frå revisjonsselskap til revisjonsselskap.
Ei samanlikning av revisjonsordningar ved ein kostnadsoversikt gjev ingen oversikt om kvalitet. Sekretariatet er usikre på kor relevant det er å samanlikne revisjonskostnadane til kommunar av ulik storleik. Vi vil understreke at berre ved å innhente konkrete tilbod om revisjon vil vise dei reelle kostnadsskilnadane. Det må då takast omsyn til omfanget og kompleksiteten samt at revisjonskostnadane bør sjåast over fleire år for å gje eit representativt bilde. Sekretariatet vurderer det slik at eit talmateriale berre kan framskaffe tal med stor usikkerhet.

- Revisjonsordninga «Tilsette eigen revisor» meiner sekretariatet ikkje er aktuell.

- Vel ein «kjøp av revisjonsteneste i marknaden», må konkurransen vere gjennomført og kontrakt vere klar før 01.01.2020. Det vil seie at prosessen må starta snarast i 2019, og det må veljast ein kontraktsperiode for konkurransen.

  Denne ordninga er aktuell og kan vere rimelegare, men kva oppgåve som ligg i kostnaden kan variere med omsyn til omfang av forvaltningsrevisjon, (selskapskontroll), rådgjeving, attestasjonar og anna arbeid.

  Dersom kjøp av revisjonsteneste vert valt, kan det gje moglege kostnader med eit sluttoppgjer vedkomande Radøy og Meland sitt eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS.

- Vel ein «interkommunalt samarbeid/selskap» må dette vere klart frå 01.01.2020. Denne ordninga har dei fleste kommunane i landet, men ikkje i Hordaland. Ordninga er aktuell og sekretariatet vurderer at det i så fall er naturleg å velje Nordhordland Revisjon IKS.

Denne utgreiinga er ein informasjon om ulike revisjonsordningar. Som tidlegare nemnd vil revisjonsarbeidet uavhengig av ordning, vere styrt av detaljerte forskrifter, metodar og standardar, med konkrete krav til utdanning og praksis hos revisor. Den revisjonsordninga som vert valt utelukkar dei andre ordningane.

FRAMLEGG - TILRÅDING:

Alt. 1

Alver kommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkåra.

Alt. 2

Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Habilitet ved vidare saksgang:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS leverer sekretariatstenester til kontrollutvala i alle kommunane. Sekretariatet har ikkje noko binding til Nordhordland Revisjon IKS. Kontrollutvala har vurdert og funne at sekretariatet derfor er habil til å førebu denne saka.

Reglar om habilitet tilseier at representantskapets medlemar i Nordhordland Revisjon IKS ikkje kan delta i handsaming av sak om val av revisor så lenge det interkommunale selskapet er ein aktuelle kandidat til å få oppdraget.

Framdriftsplan 2018:

Sept.	Vedtak i alle kontrollutvala om oppstart av utgreiing / sak
Okt.	Sekretariatet utgreier saka
Nov.	Fellesmøte for kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy
Nov.	Kontrollutvala vedtek sine tilrådingar til fellesnemnda
Des.	Fellesnemnda vedtek revisjonsordninga for Alver kommune

Framdriftsplan 2019:

<u>Val av revisor</u>

Valet av revisjonsordning vil leggje premissar for val av revisor;

- Dersom eigne revisorar – gjennomføre prosess for rekruttering
- Dersom interkommunalt samarbeid – gjennomføre prosess for endringar i høve dette
- Dersom kjøp av teneste – gjennomføre anbodsprosess

Basert på fellesnemnda sitt endeleg vedtak om revisjonsordning må det eventuelt i løpet av 1. halvår gjennomførast ein prosess og lagast ei ny sak til kontrollutvala med tilråding om val av revisor.

NORDHORDLAND
Revisjon IKS

SELSKAPSAVTALE
FOR

NORDHORDLAND REVISJON IKS

§ 1 SELSKAPET SITT NAMN OG DELTAKARAR

Selskapets namn er Nordhordland Revisjon IKS.

Nordhordland Revisjon IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskaper.

Deltakarar i selskapet er kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

§ 2 SELSKAPET SITT HOVUDKONTOR

Nordhordland Revisjon IKS har sitt forretningskontor i Lindås kommune.

§ 3 SELSKAPET SITT FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Nordhordland Revisjon IKS har som oppgåve å utføre revisjon i kommunar i høve til Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 60.

Nordhordland Revisjon IKS skal på vegne av kommunestyret og kontrollutvalet stå for jamleg kontroll med forvaltninga i kommunar i høve til forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval. Arbeidsområdet er nærare definert i forskrift om revisjon.

Nordhordland Revisjon IKS skal vidare ha som føremål å kunna tilby sine revisjons- og rådgjevingstenester ovanfor ulike verksemder som kommunar er økonomisk involvert i, eller har andre interesser i. Selskapet kan også tilby sine tenester til private selskap med og utan revisjonsplikt.

Alle eksterne oppdrag som ikkje er ein del av kommunen si forvaltningsverksemd skal vera sjølvfinansierande. Avtale om revisjon vert inngått mellom oppdragsgjevarane og Nordhordland Revisjon IKS ved dagleg leiar/revisjonssjef.

§ 4 DELTAKARANE SIN EIGARDEL OG ANSVAR

Dei enkelte deltakarar hefter med heile sin formue for sin del av revisjonen si samla forplikting. Det skal ikkje innbetalast nokon eigardel. Ved eventuell seinare innskot av

eigenkapital skal det skje i høve til deltakarane sin eigar- og ansvarsdel, slik denne er fastlagt i denne regel.

Eigar- og ansvarsdelen frå og med 01.01.2016 fordeler seg slik;

Austrheim	10,8 %
Fedje	2,2 %
Masfjorden	6,5 %
Meland	29,6 %
Modalen	1,4 %
Osterøy	30,2 %
Radøy	19,3 %

Eigardelen kan endrast ved at deltakarar trer inn eller ut av selskapet, og ved at ansvarsdelen vert regulert i høve til folketalet kvart 4. år, første gang pr. 1.1. 2008.

Nordhordland Revisjon IKS sine årlege driftsutgifter vert fordelt etter fylgjande nøkkel;

Eit grunnbeløp på kvar deltakarkommune.

Revisjonen sine netto budsjetterte utgifter vert fordelt mellom dei deltakande kommunar etter registrert tidsforbruk i den enkelte kommune.

Revisjonen føretek jamleg registrering av tidsforbruk for den enkelte kommune. Revisjon av interkommunale samanslutningar, kommunale føretak og interkommunale selskap, fellesråd og sokneråd, overformynderi, stiftingar og legatrekneskap, samt andre særrekneskap som ikkje vert knytt til kommunane sine rekneskap, vert å registrere serskild og belasta ut frå timepris eller godtgjersle fastsett av styret. Desse inntektene, saman med andre inntekter, går til frådrag i dei totale utgifter som skal fordelast mellom deltakarkommunane.

§5 SELSKAPET SI LEIING

Selskapet vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar/revisjonssjef.

§ 6 REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og er samansett av 7 representantar. Representantane har funksjonstid på 4 år.

Ordføraren i dei deltakande kommunar er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant. Dagleg leiar/revisjonssjef i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

Ved votering i representantskapet skal representantane sine stemmer telja i høve til deltakarane sin eigar- og ansvarsdel.

Funksjonstida går frå det tidspunkt alle dei deltakande kommunestyra har vald sine representantar i etterkant av kommunestyrevalet, men seinast frå 01.01. komande år. Representantskapet konstituerer seg sjølv.

Konstituerande representantskapsmøte handsamar mellom anna;

- Val av leiar i representantskapet
- Val av nestleiar i representantskapet
- Val av valnemnd, sjå § 7
- Val av styre, med varamedlemer i nummerert rekkefølgje
- Val av styreleiar og nestleiar til styret

Ordinært representantskapsmøte handsamar mellom anna;

- Budsjett og økonomiplan
- Årsmelding og rekneskap
- Overordna mål og retningsliner for drifta
- Møtegodtgjering for deltaking i representantskap og styre
- Val av revisor og godtgjering
- Rammer for låneopptak
- Andre saker som er førebudd ved innkallinga

Representantskapet er vedtaksfør når minst 4 representantar er tilstades, og desse representerer minst 2/3 av stemmene.

Vedtak kan av representantskapet gjerast med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmer. Ved handsaming av budsjett og rekneskap vert det kravd kvalifisert fleirtal (2/3). Om kvalifisert fleirtal ikkje vert oppnådd ved første gongs handsaming, skal saka handsamast på nytt i eit seinare møte, og då kan vedtak gjerast med alminneleg fleirtal.

Dagleg leiar/revisjonsjef og styret sin leiar har rett og plikt til å møta i representantskapet med mindre det er openbert unødvendig, avgjersle ligg til representantskapet, eller det føreligg gyldig forfall. I sistnemnde tilfelle kan det utpeikast ein stedfortredar, kor det er føremålstenleg. Alle styremedlemene har møterett og desse, samt dagleg leiar/revisjonssjef har alle talerett, men representantskapet kan oppheve retten i enkeltsaker.

Dagleg leiar/revisjonssjef eller tilsette i revisjonsselskapet kan ikkje veljast til medlem av representantskapet. Tilsette i kommunar eller i andre verksemder, der Nordhordland Revisjon IKS er vald som revisor, kan ikkje vere medlem av representantskapet.

Representantskapet kan sjølv vedtaka deltaking i eit anna interkommunalt selskap innanfor sitt føremål og ansvarsområde.

§ 7 VALNEMND

Representantskapet vel på konstituerande møte ei valnemnd på 3 medlemmer og 2 varamedlemmer frå representantskapet. Valnemnda skal førebu og kome med framlegg til vedtak i val representantskapet skal føreta, jf. § 6, vedrørande val av styre med varamedlemmer i nummerert rekkefølgje og val av styreleiar og nestleiar til styret.

Representantskapet utarbeider retningsliner for valnemnda sitt arbeid. Administrasjonen i selskapet er sekretær for valnemnda.

§ 8 REPRESENTANTSKAPET SINE MØTER

Representantskapet sin leiar kallar inn til møte når det er naudsynt for handsaming av ei sak som etter lova eller selskapsavtalen skal handsamast av representantskapet, og når det elles er naudsynt for handsaming av ei bestemt sak.

Representantskapet sin leiar pliktar å innkalla til møte når styret, revisor, minst ein av deltakarane eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemer krev det for handsaming av ei bestemt sak.

Innkalling til ordinære møter i representantskapet skal gjerast med minst fire vekers varsel, og skal innehalde saksliste. Representantskapet sin leiar kan innkalla representantskapet med kortare fristar i tilfeller der dette er naudsynt. Tilsvarande skal også dei enkelte deltakarar varslast om innkallinga og sakslista.

Representantskapets leiar er møteleiar, eller i hans fråver nestleiar. Er ingen av dei tilstades vel representantskapet ein møteleiar.

Leiaren skal syte for at det vert ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av møtedeltakarane. Styret sine medlemer og dagleg leiar/revisjonssjef har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 9 STYRET

Styret i selskapet er samansett av fem medlemer. Ingen kommune kan ha meir enn ein medlem i styret.

Styret sine medlemer og 3 varamedlemer i nummerert rekkefølgje vert valde av representantskapet, og fortrinnsvis mellom medlemene i kontrollutvala i deltakarkommunane. Funksjonstida er 2 år. Attval kan finne stad. Dei tilsette har høve til å velje ein observatør som har møte- og talerett.

Spørsmål om fritak for styreverv vert handsama av representantskapet, og styremedlemen har rett til å fråtre når særlege tilhøve føreligg.

Forvaltninga av revisjonsselskapet høyrer inn under styret, som har ansvar for tilfredsstillande organisering av revisjonen si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda driv i samsvar med IKS-selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, revisjonen sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner fastsett av representantskapet, og skal syte for at bokføringa og formuesforvaltninga vert tilfredsstillande ivareteke.

Styret skal føra tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

Styret skal syta for at saker som skal handsamast av representantskapet er tilstrekkeleg førebudd.

Styret fastset løns- og arbeidsvilkår for dei tilsette, og har ansvar for andre funksjonar som fylgjer av arbeidsgjevaransvaret i høve til gjeldande lov- og avtaleverk. Tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed av dagleg leiar vert føreteke av styret, medan tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed av anna personell vert delegert til dagleg leiar.

Styret har instruksjons- og omgjeringsmynde ovanfor dagleg leiar.

Dagleg leiar/revisjonssjef eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer av styret. Tilsette i kommunar eller tilsette i andre verksemder, der Nordhordland revisjon IKS er vald som revisor, kan ikkje vere medlem av styret.

Dei tilsette sin observatør trer ut av styret når den tilsette sluttar. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det haldast suppleringsval for resten av funksjonstida.

§ 10 STYRET SINE MØTER

Styret er vedtaksfør når minst 3 medlemer er tilstades. Kvart medlem i styret har ei stemme. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

Styret sin leiar skal syte for at det vert halde møter så ofte som det trengs. Medlem av styret og dagleg leiar/revisjonssjef kan krevja at styremøte vert halde. Styremøte vert leia av styret sin leiar eller i vedkomandes fråver av nestleiar. Dersom ingen av dei er tilstades vel styret ein møteleiar.

Styret sin leiar skal syte for at vert ført protokoll frå styremøta. Reglar om habilitet, skal fylgjast ved handsaming av saker i styret, jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 2002, jf. § 15.

Dei tilsette sin representant har ikkje høve til delta i handsaminga av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarane, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidsgjevarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Møteinnkalling med sakspapir skal sendast representantskapet sin leiar, styremedlemene, eigarane ved ordførar, rådmann og selskapet sin revisor.

§ 11 DAGLEG LEIAR – REVISJONSSJEF

Nordhordland Revisjon IKS vert leia av dagleg leiar/revisjonssjef som vert tilsett av styret. Styret har generell instruksjons- og omgjeringsmynde ovanfor revisjonssjef.

Dagleg leiar/revisjonssjef har ansvar for den daglege leiing av selskapet, og skal fylgje dei retningsliner og instruksar som styret har gjeve. Den daglege leiinga femner ikkje om saker som etter revisjonsselskapet sine tilhøve er av uvanleg art eller av stor prinsipiell karakter for selskapet. Slike saker kan berre avgjerast når styret i den enkelte sak har gjeve revisjonssjef mynde til det, eller når styret sitt vedtak ikkje kan utsetjast utan vesentleg ulempe for revisjonen si verksemd. Styret skal då snarast mogeleg verta gjort kjent med saka. Styret

avgjer kva som etter revisjonsselskapet sine tilhøve er av uvanleg art eller stor prinsipiell karakter.

Dagleg leiar/revisjonssjef er representantskapet og styret sin sekretær og sakshandsamar. Revisjonssjef har tale- og forslagsrett i styret sine møter, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunna møta. Dagleg leiar/revisjonssjef kan delegere sitt mynde til andre tilsette.

§ 12 FORPLIKTING AV SELSKAPET

Styret representerer og forpliktar selskapet overfor andre. Styret kan gje styret sin leiar, anna styremedlem eller dagleg leiar rett til å forplikte selskapet, eventuelt avgjere om at dei som har slik rett må utøve denne i fellesskap.

Dagleg leiar/revisjonssjef representerer selskapet overfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar/revisjonssjef sitt mynde i samsvar med § 11.

§ 13 HANDSAMING AV BUDSJETT OG REKNESKAP

Representantskapet vedtek budsjett for komande år og økonomiplan for dei neste 4 år. Årets budsjett skal innehalde ei fordeling av utgiftene på dei enkelte deltakarane.

Økonomiplan for dei komande 4 år og budsjett for det komande år skal sendast deltakarane til informasjon. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for selskapet sitt budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver slik som tildømes investeringsplanar og finansieringa av desse. Økonomiplanen skal også innehalde eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Styret førebur representantskapet si handsaming av føresetnadene og rammene i budsjettet. Dersom styret sitt forslag går ut over tidlegare føresetnader, skal representantskapet og deltakarane gjerast merksam på dette. Det same gjeld om styret må fremja forslag til endringar i vedtekne budsjettrammer for selskapet.

Representantskapet skal innan 1. november handsame styret sitt framlegg til økonomiplan og budsjett.

Årsrekneskap skal vera avlagt innan 15. februar etter årets utgang.

Representantskapet skal ta stilling til disponering av overskot eller dekning av underskot i resultatrekneskapen.

Dersom det synest å verte vesentleg svikt i inntekter eller vesentleg auke av utgifter i høve til budsjettet, skal styret straks gje melding om dette til leiaren av representantskapet. Denne skal kalle inn til møte i representantskapet, der styret gjer greie for budsjettavviket og legg fram forslag til revidert budsjett.

Selskapet har rekneskapsplikt etter kommunale rekneskapsprinsipper.

§ 14 LÅNEOPPTAK OG GARANTISTILLING.

Representantskapet gjer vedtak om låneopptak. Øvste ramme for revisjonsselskapet sitt samla låneopptak er kr 2.000.000. Det kan berre takast opp lån til investeringsføremål, til likviditetsføremål og konvertering av eldre gjeld. Lån til likviditetsføremål må gjerast opp før rekneskapen for vedkomande år vert fastsett. Dersom det er rekneskapsunderskot som etter økonomiplanen skal dekkjast over fleire år, kan motsvarande lån betalast tilbake over det same tidsrommet.

Styret får fullmakt til å ta opp lån etter vedtak i representantskap, samt godkjenne lånevilkår.

Revisjonsselskapet kan ikkje stille garanti eller pantsette eine eigedelar som trygd for andre sine økonomiske forpliktingar. Selskapet skal ikkje låne ut pengar til eigne tilsette.

Styret har fullmakt til å inngå leasingavtalar knytta til kontorutstyr og data. Desse avtalar må liggje innanfor revisjonen si samla grense for låneopptak på kr 2.000.000.

§ 15 MØTEGODTGJERSLE

Representantskapet gjer vedtak om møtegodtgjersle for deltaking i representantskapet og styret.

§ 16 ARBEIDSGJEVARANSVAR OG –TILKNYTING

Styret har arbeidsgjevaransvaret for dei personar som til ei kvar tid er tilsett i selskapet. Revisjonsselskapet skal vere medlem av KS bedriftsarbeidsgjevarorganisasjon.

§ 17 UTLEGG, ARREST MV

Selskapet sin eigedom kan ikkje vere gjenstand for utlegg eller arrest. Konkurs og gjeldsforhandlingar etter lov av 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandlingar eller konkurs kan ikkje opnast i selskapet.

§ 18 ENDRINGAR I SELSKAPSAVTALEN

Selskapsavtalen kan endrast ved at deltakarane gjer likelydande vedtak om dette. Endringar/tilføyingar i selskapsavtalen som kan og som må gjerast med likelydande vedtak i deltakarkommunane er saker som gjeld;

1. Revisjonsselskapet sitt namn
2. Endre deltakarar/nye deltakarar, jf. § 1
3. Selskapet sitt føremål
4. Den kommune der revisjonsselskapet har sitt hovudkontor
5. Tal styremedlemer

6. Deltakarane si innskotsplikt og plikt til å føreta andre ytingar ovanfor revisjonen.
7. Den enkelte deltakar sin eigardel i revisjonsselskapet og den enkelte deltakar sin ansvarsdel i selskapet.
8. Tal medlemer i representantskapet og kor mange medlemer den enkelte deltakar nemner opp.
9. Anna som etter lov skal fastsetjast i selskapsavtalen.

Andre endringar i selskapsavtalen kan vedtakast av representantskapet med tilslutnad av minst to tredelar av dei gjevne stemmer.

Endringar/tilføyingar i selskapsavtalen kan fremjast av styret, representantskapet eller ein eller fleire av deltakarane.

Representantskapet skal i alle tilfeller få høve til å uttale seg om forslag til endringar av selskapsavtalen før desse vert fremja til handsaming.

§ 19 VOLDGIFT

Eventuell tvist om forståing av selskapsavtalen og om fordeling av utgifter eller i samband med det økonomiske oppgjeret etter oppløysing, vert avgjort endeleg av ei voldgiftsnemd på fem medlemer som vert oppnemnd av Fylkesmannen i Hordaland, om ikkje anna ordning fylgjer av lov eller forskrift.

§ 20 UTMELDING OG OPPLØYSING

Den enkelte deltakar kan med eit års skriftleg varsel einsidig sei opp si deltaking etter reglane i "Lov om interkommunale selskaper".

Utløysingssummen er andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp, men kan under inga omstende vere høgare enn verdien av deltakaren sitt innskot i selskapet.

Den deltakar som går ut av selskapet, heftar framleis for sin del av den gjelda selskapet har på det tidspunktet deltakaren går ut av selskapet inntil deltakaren må sjåast å ha vorten friteken av kreditorar i selskapet.
Representantskapet fastset ny eigardel og deltakaransvar etter utmelding for dei attverande deltakarane.
Selskapet kan oppløysast dersom deltakarane er einige om dette. Det er deltakarkommunen sitt kommunestyre som treffer vedtak om dette. Dersom ein deltakar er eit interkommunalt selskap, er det representantskapet i selskapet som treffer vedtak om oppløysing. Ei oppløysing må godkjennast av departementet.

Eigardel vert lagt til grunn ved fordeling ved eventuell oppløysing. Gjennomføring av oppgjeret skjer ved registrering av verdiar målt i kroner, berekning av eigardelen sin verdi i kroner og tilbakeføring av midlar i form av kontantoppgjer, eller naturalia innan den sum eigardelen sin kroneverdi utgjer.

Styret plikter å melde frå om avviklinga til Føretaksregisteret i Brønnøysund.
Elles gjeld reglane for utmelding, oppløysing og avvikling i Lov om interkommunale selskaper.

§ 21 IVERKSETJINGSTIDSPUNKT

Selskapsavtalen gjeld frå 1. januar 2005

§ 22 ANDRE REGLAR

Elles gjeld den til kvar tid gjeldande Lov om interkommunale selskap.

Selskapsavtalen er utarbeidt i 9 eksemplar, der deltakarane har fått kvar sitt. Det åttande eksemplaret er sendt Fylkesmann i Hordaland og det niande skal oppbevarast hjå Nordhordland Revisjon IKS.

Isdalstø den 27.05.2016

Per Lerøy, ordførar
Austrheim kommune

Stian Herøy, ordførar
Fedje kommune

Karstein Totland, ordførar
Masfjorden kommune

Øyvind H. Oddekalv, ordførar
Meland kommune

Tom Kristian Thorsen, ordførar
Modalen kommune

Jarle Skeidsvoll, ordførar
Osterøy kommune

Jon Askeland, ordførar
Radøy kommune

Meland kommune

KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE
SÆRUTSKRIFT

Møtedato: **15. november 2018**
Stad: Meland kommunehus – Møterom 1
Kl.: 08.30 – 11.45

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem), Morten Klementsen (medlem) og Øyvind Bratshaug (medlem)

Innkalla: Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 36-38)

Revisjon: Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe (til sak 39/18)

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:
Rikke Slåtten Nordal og Morten Klementsen - permisjon frå 10.45 etter sak 39
Ved handsaming av sak 40 - 44 var det 5 av 7 medlemar til stades.

.....

41/18 Val av revisjonsordning Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:
- Utgreiing for val av revisjonsordning for Alver kommune
- Selskapsavtale for Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:
Kommunane Lindås, Meland og Radøy har vedteke at dei skal slåast saman til Alver kommune frå 01.01.2020. I den samanheng skal det veljast revisjonsordning og revisor for den nye kommunen.

Kommunestyra i dei tre kommunane har delegert til fellesnemnda å ta stilling til revisjonsordninga. Fellesnemnda skal gjere sitt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Kontrollutvala i kommunane vedtok i sine ulike møter i september 2018 at sekretariatet skulle utgreie og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning, basert på dei moment og framdriftsplan som låg til grunn ved vedtak om oppstart av denne saka.

Det vart gjeve ei orientering om utgreiinga av revisjonsordninga i fellesmøte for kontrollutvala den 2. november 2018. I møtet vart ulike sider av saka deretter drøfta.

Kontrollutvala i dei tre kommunane skal no, kvar for seg, gjere vedtak om si tilråding til fellesnemnda om val av revisjonsordning for Alver kommune.

Med grunnlag i dei vurderingar som går fram av vedlagt utgreiing, vert det her føreslege to alternative tilrådingar frå sekretariatet.

Behandling i møte:

Saka vart inngåande drøfta.

Framlegg til vedtak:

Alt. 1
Alver kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkår.

Alt. 2
Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurranse-grunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Samrøystes vedtak:

Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurranse-grunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Frekhaug, torsdag 15. november 2018

Kåre Skibenes /leiar

Øivind Olsnes/sekretær

Radøy kommune

KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT

Møtedato:	**14.11.2018**
Stad:	Møterom: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Kl.:	09.00 – 12.00
Tilstade:	Astrid Nordanger (leiar), Siv Beate Marøy (medlem), Kjersti Haugland (vara for Cyril Marøy) og Nils Bård Nødtvedt (medlem)
Innkalla:	Rådmann Jarle Landås (til sak 32 og 39/18)
Revisjon:	Nordhordland Revisjon IKS, Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe (til sak 33-34/18),
Sekretær:	Øivind Olsnes
Forfall:	Cyril Marøy David Pletten Aasgard (nestleiar), forfall meldt så seint at vara ikkje kalla inn.

Grunna forfall var 4 av 5 medlemar til stades i møtet.

.....

36/18 Val av revisjonsordning for Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

- Utgreiing for val av revisjonsordning for Alver kommune
- Selskapsavtale for Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har vedteke at dei skal slåast saman til Alver kommune frå 01.01.2020. I den samanheng skal det veljast revisjonsordning og revisor for den nye kommunen.

Kommunestyra i dei tre kommunane har delegert til fellesnemnda å ta stilling til revisjonsordninga. Fellesnemnda skal gjere sitt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Kontrollutvala i kommunane vedtok i sine ulike møter i september 2018 at sekretariatet skulle utgreie og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning, basert på dei moment og framdriftsplan som låg til grunn ved vedtak om oppstart av denne saka.

Det vart gjeve ei orientering om utgreiinga av revisjonsordninga i fellesmøte for kontrollutvala den 2. november 2018. I møtet vart ulike sider av saka deretter drøfta.

Kontrollutvala i dei tre kommunane skal no, kvar for seg, gjere vedtak om si tilråding til fellesnemnda om val av revisjonsordning for Alver kommune.

Med grunnlag i dei vurderingar som går fram av vedlagt utgreiing, vert det her føreslege to alternative tilrådingar frå sekretariatet.

Behandling i møte:
Kontrollutvalet drøfta saka.

Framlegg til vedtak:

Alt. 1
Alver kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkår.

Alt. 2
Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurranse-grunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Samrøystes vedtak:
Alver kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkår.

Manger, 14.11. 2018

Astrid Nordanger

Astrid Nordanger / leiar

Øivind Olsnes / sekretær

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:	
JournalpostID:	18/175
Saksbehandlar:	Ørjan Raknes Forthun
Dato:	26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
063/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Alver kommune

Kontrollutvala sin tilråding ligg som vedlegg til saka.

Vedlegg i saken:

26.11.2018	2018 11 14 Særutskrift kontrollutvalet Radøy, val av sekretærordning	1325318
26.11.2018	2018 11 15 Særutskrift - Meland kontrollutval - tilråding sekretær	1325317

Saksopplysninger:

Fellesnemnda gjer vedtak om sekretariat for kontrollutvalet i Alver kommune etter innstilling frå kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås.

Innstilling frå Radøy og Meland ligg som vedlegg til saka. Innstilling frå Lindås vert ettersendt.

Radøy kommune

KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT

Møtedato: **14.11.2018**
Stad: Møterom: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Kl.: 09.00 – 12.00

Tilstade: Astrid Nordanger (leiar), Siv Beate Marøy (medlem), Kjersti Haugland (vara for Cyril Marøy) og Nils Bård Nødtvedt (medlem)

Innkalla: Rådmann Jarle Landås (til sak 32 og 39/18)

Revisjon: Nordhordland Revisjon IKS, Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe (til sak 33-34/18),

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Cyril Marøy
David Pletten Aasgard (nestleiar), forfall meldt så seint at vara ikkje kalla inn.

Grunna forfall var 4 av 5 medlemar til stades i møtet.

.....

37/18 Sekretærfunksjonen for Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

Saksopplysningar:
På felles møte for kontrollutvala den 2. november 2018 orienterte leiar i Meland kontrollutval Kåre Skibenes om «*Sak vedkomande tilråding av sekretærordning*».

Framlegg til vedtak vart presentert på vegne av leiarane i kontrollutvala, og vil verte fremma av leiarane i dei einskilde kontrollutvalsmøte.

Behandling i møte:

Leiar gjorde framlegg om slik vedtak:

«Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy har same sekretærfunksjon i dag. Kontrollutvalet tilrår vidareføring av eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingselskap IKS»

Framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy har same sekretærfunksjon i dag.

Kontrollutvalet tilrår vidareføring av eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingselskap IKS.

Manger, 14.11. 2018

Astrid Nordanger

Astrid Nordanger / leiar

Øivind Olsnes / sekretær

Meland kommune

KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE
SÆRUTSKRIFT

Møtedato: **15. november 2018**
Stad: Meland kommunehus – Møterom 1
Kl.: 08.30 – 11.45

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem), Morten Klementsen (medlem) og Øyvind Bratshaug (medlem)

Innkalla: Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 36-38)

Revisjon: Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe (til sak 39/18)

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:

Rikke Slåtten Nordal og Morten Klementsen - permisjon frå 10.45 etter sak 39
Ved handsaming av sak 40 - 44 var det 5 av 7 medlemar til stades.

.....

42/18 Sekretærfunksjonen for Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

Saksopplysningar:
På felles møte for kontrollutvala den 2. november 2018 orienterte leiar i Meland kontrollutval Kåre Skibenes om «*Sak vedkomande tilråding av sekretærordning*».

Framlegg til vedtak vart presentert på vegne av leiarane i kontrollutvala, og vil verte fremma av leiarane i dei einskilde kontrollutvalsmøte.

Behandling i møte:

Leiar gjorde framlegg om slik vedtak:

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy har same sekretærfunksjon i dag.

Kontrollutvalet tilrår vidareføring av eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingselskap IKS

Framlegg til vedtak:
Saka vart lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy har same sekretærfunksjon i dag.

Kontrollutvalet tilrår vidareføring av eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingselskap IKS

Frekhaug, torsdag 15. november 2018

Kåre Skibenes /leiar

Øivind Olsnes/sekretær

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/164
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
024/18	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.11.2018
064/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering for 2019.

Saksopplysningar:
Saka skal til uttale i PSU
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

Fellesnemnda skal vedta årsbudsjett for 2019 - del av prosjektperioden 2017-2020. Det vises i denne samanheng til sak 25/2017 (Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2020) og sak 055/18 (Rapport 2. tertial 2018). Prosjektleiars framlegg er i tråd med tidlegare vedtak. Frå saka i 2017: «I samband med kommunereforma har staten etablert nokre økonomiske verkemidlar for kommunar som har gjort vedtak om å slå seg saman. For Lindås, Meland og Radøy kommunar utgjer dette til saman kr. 72,6 mill. Summen inneheld midlar knytt til eingongsstønad, regionsentertilskot, reformstønad og infrastrukturmidlar. Infrastrukturmidlane, kr. 5 mill, er øyremerkt og må nyttast i tråd med søknaden». Kommunen vil frå 2020 også mota inndelingstilskot, som skal kompensere kommunen for tap i rammetilskot som følgje av samanslåinga. Dette er ikkje del av denne saka.

Vurdering
Framlegg til budsjett for fellesnemnda er ikkje eit ordinert kommunebudsjett og det er framleis usikkerheit knytt til enkelte av postane.
I eit kommunebudsjett er det vanleg at rådmannen kan omdisponere innanfor hovudpostane, men det er ikkje aktuelt på denne typen budsjett. I 2017 vart det difor delegert til programansvarleg å omdisponere/ endre med inntil 25 % av kvart års samla budsjett.

Fellesnemnda disponerer infrastrukturmidlar (øyremerkt) og regionsentertilskot (ikkje øyremerkt). Dette er postar vi vil kome attende til i eiga sak til fellesnemnda.
Frå 2018 er det utarbeida rapport kvart tertial. I rapporten vert det også vurdert om det er trong for busjettjusteringar/løyvingar, utover det som delegerte fullmakt gjev rom for. Dette vil vi halde fram med også i 2019.

Innanfor prosjektlears fullmakt er det gjort følgjande endringar:
Frikjøp tillitsvalde: Flyttet kr 200.000,- frå 2018 til 2020
Tillegg for arbeid i programorganisasjonen: Flytta kr 600.000,- frå 2018 til 2019.
Programkontor/prosjektbemanning: Redusert i 2019 med 1.900.000,- og redusert i 2020 med kr 662.000,-
Arkivprosjekt: Endra periodisering og fellesnemnda varsles om at om lag kr 10. mill vert å betale i tillegg, for tenester levert av IKAH, etter at Alver kommune er etablert.
Informasjon, identitet og kulturbygging, tilsette: Auka med kr 200.000,- i 2019 og 2020, til saman 400.000,- til kr 1.474.000,-
Informasjon, identitet og kulturbygging, innbyggarar: Auke med kr 400.000,- i 2019 og 2020, til saman kr 800.000,- til kr 1.820.000,-
Opplæring og kurs, auka frå kr 0,- til kr 200.000,- i 2019.
Eksterne konsulenter (utanom programkontor): Auka med kr 1. mill. i 2019 og kr 338.000,- i 2020, til saman 1,3 mill. til kr 8.172.000,-
Kyrkjeleg fellesråd: Auka med kr 200.000,- i 2018 og 2019, til saman kr 400.000,- til kr 1.600.000,-

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Utgifter	R -2017	R-2018	Prognose - 2018	Justert B - 2019	Justert B - 2020	Sum
Frikjøp tillitsvalde		-	200	800	200	1 200
Tillegg for arbeid i programorganisasjonen		128	400	2 100		2 628
Programkontor/prosjektbemanning		1 038	1 500	7 100	338	9 976
Arkivprosjekt		-		814	1 186	2 000
IKT og digitalisering		174	1 000	14 800	5 150	21 124
Ny heimeside - grafisk profil		10	500	500		1 010
Politisk styring og involvering/møtegodtgjersle	210	258	800	1 200		2 468
Informasjon, involvering og kulturbygging tilsette		74	300	700	400	1 474
Informasjon, identitet og kulturbygging innbyggarar		20	300	900	600	1 820
Møter og konferanser	80	245	350	400		1 075
Opplæring og kurs	200			200		400
Eksterne konsulenter (utanom programkontor)	1 690	1 144	1 500	3 500	338	8 172
Kyrkjeleg fellesråd		-	800	800		1 600
Til uføresett		52				52
Infrastrukturtiltak		-	2 000	3 000		5 000
Sum	**2 180**		**9 650**	**36 814**	**8 212**	**60 000**
Balanse	**32 820**			**- 38 700**	**13 250**	**-**

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/174
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
025/18	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.11.2018
065/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Mandat IKS og eigarskap

Saksopplysningar:
Saka skal til uttale i PSU
Saka skal avgjerast i fellesnemnda.

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Mandat IKS og eigarskap vert vedteke som det ligg føre til saka.

Vedlegg i saken:

26.11.2018	Mandat IKS og eigarskap	1325327

ALVER KOMMUNE
Vi byggjer Alver kommune

Mandat for konseptfase

Hovudprosjekt med politisk styring

IKS OG EIGARSKAPSMELDING

Prosjektnummer:	**Sak nummer:**	
Dato/Forfattar: 19.11.18 av Albertine E. Halkjelsvik		
Vedtak/Dato: <Godkjent av <styringsgruppe> og dato >		

Innhald

1. Bakgrunn 3
2. Føremålet med prosjektet 3
2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020? 3
2.2. Ambisjonar for forbetringsarbeid 4
2.3. Prosjektet sine leveransar 4
3. Føringar for prosjektet 5
3.1. Intensjonsavtale 5
3.2. Styringsdokument 5
3.3. Samanheng med andre prosjekt? 6
3.4. Er samarbeid med andre verksemder aktuelt? 6
4. Erfaringar og annan nyttig informasjon 6
5. Omtale av konseptfasen 6
5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen 6
5.2. Interessentar i konseptfasen 6
5.3. Resultata frå konseptfasen 6
5.4. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen 6
6. Gjennomgang av BP1 Sjekkliste 7
7. Rettleiing – Mandat for konseptfasen 7

1. BAKGRUNN

Det er bestemt at Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune skal danna ein ny kommune frå 01.01.2020 (intensjonsavtalen). Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å utgreia endra kommunestrukturar. Arbeidet vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2014. Dei tre kommunane gjennomførte våren 2015 ei utgreiing som skulle svara på kvifor ein skulle byggja ein ny kommune. Utgreiinga er fylgt opp etter valet hausten 2015 og intensjonsavtalen er eit resultat av denne prosessen. Intensjonsavtalen vart underteikna i juni 2016.

Namnet på den nye kommunen er Alver kommune. Alver kommune med sine ca. 30 000 innbyggarar i 2020 vil stå sterkare for å løyse dei lokale utfordringane enn dei eksisterande kommunane kvar for seg. Radøy, Meland og Lindås er sterkt integrert med omsyn til mellom anna næringsliv, bu- og arbeidsmarknad, handel og kulturliv. Ein samanslått kommune vil ha betre føresetnader for å skape vidare utvikling i området (kjelde: styringsdokument).

Det er same prosjektmetodikk som ligg til grunn for hovudprosjekt med politisk styring som for hovudprosjekt med administrativ styring. I hovudprosjekt med politisk styring vert politisk prinsipielle avgjerder vert lagt fram for fellesnemnda og vert lagt inn som avgjerdspunkt i hovudprosjektmandatet/hovudprosjektforslaget.

I Konseptfasen (prosjektetableringsfase) vil vi avklare ein del rammeføresetnader for prosjektet.

2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Kommunane Radøy, Meland og Lindås er i dag eigarar/deltakarar i fleire selskap og interkommunale samarbeid. Dette prosjektet skal kartleggje kva konsekvensar ein endra kommunestruktur gir for kommunane som eigarar/deltakarar, for dei aktuelle selskapa/samarbeida og for ein eventuell tredjepart. Prosjektet skal og utarbeide eit utkast til eigarskapspolitikk for den nye kommunen og anbefale framtidig selskaps-/samarbeidsstruktur.

2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020?

Vi tar utgangspunkt i dei tre kommunane si bruk av eigarskapsmelding, og evaluerer og samordnar desse. Vi må kartleggje og samordne alle IKS og andre eigarskap i dei tre kommunane. Dette er viktig fordi vi ønskjer ein fullverdig oversikt, evaluering og utvikling av alle interkommunale samarbeid. Det må avgjerast om samarbeida skal vidareførast, endrast eller seiast opp.

Bakgrunn:

Alle skriftlege avtalar om interkommunalt samarbeid som i dag er inngått må ein gå igjennom og endre etter behov i løpet av 2020. I 2020 er det 6 månaders oppseiingstid uavhengig av kva som er avtalt gjennom vedtektene. Dette gjeld også for dei andre kommunane i samarbeida(IKS).

Eigarskap i aksjeselskap vil i stor grad kunne vidareførast utan at ein må gjere noko formelle endringar.

2.2. Ambisjonar for forbetringsarbeid

Dei tre kommunane har ein lang tradisjon for å samarbeide gjennom IKS'ar og andre selskapsformer. Vi må lage ei oversikt som er transparent og oversiktleg, slik at vi legg grunnlaget for god styring og utvikling av tenestene våre, i tillegg til å vise til solid økonomisk kontroll.

Vi må konkretisere kva vi ønskjer av eigarskapsmeldinga, finne beste praksis (ved samanlikning med andre) og utabeide ein mal og reglement for dette.

Det er usikkert kor mykje ressursar som vil vere til disposisjon for dette prosjektet.

2.3. Prosjektet sine leveransar

1. Gjennomføre ei kartlegging ved hjelp av analyse og kvalitative intervju.

2. Utarbeide eit oppdatert fakta/diskusjonsgrunnlag når det gjeld interkommunale selskap og samarbeid

3. Utarbeide eit utkast til framtidig eigarskapspolitikk som td. Omfattar:
   - Prinsipp for etablering av og deltaking i selskap/samarbeid
   - Prinsipp for eigarstyring og leiing
   - Rollar og ansvar i politisk og administrativ oppfølging av selskap og IKS
   - Rapportering og internkontroll

4. Anbefale kva selskap og samarbeid som bør;
   - Vidareførast utan endringar
   - Vidareførast med endringar
   - Avviklast eller seiast opp

3. FØRINGAR FOR PROSJEKTET

3.1. Intensjonsavtale

Kapittel 2. Visjon

«Alver kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling. Vi byggjer ein ny kommune for å møta framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Kapittel 3. Verdiar, mål og prinsipp

- Vi skal byggja ein ny kommune
- Alle kommunar er likeverdige partar
- Vi skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon
- Vi skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen
- Vi skal byggja vidare på felles identitet og kultur
- Vi skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv
- Vi skal ha likeverdige tenester i heile kommunen
- Vi skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur
- Vi skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa
- Vi skal digitalisera dialogen med innbyggjarane
- Vi skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

Kapittel 7, Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse - utdrag:

- Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon
- Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar. Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass.
- Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organsiering og fagutvikling

3.2. Styringsdokument

- Alver kommune: Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing, Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune
- Retningslinjer for prosjektstyring i Alver kommune
- Omstillingsavtalen
- Kommunikasjonsstrategi for Alver kommune

3.3. Samanheng med andre prosjekt?

Ikkje aktuelt.

3.4. Er samarbeid med andre verksemder aktuelt?

- Samarbeidskommunar
- Aktuelle IKS og AS.

4. ERFARINGAR OG ANNAN NYTTIG INFORMASJON

Eigarskapsmeldingar frå andre samanslåingsprosjekt.

5. OMTALE AV KONSEPTFASEN

5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen

Oppdragsgjevar og styringsgruppe:
Fellesnemnda

Administrativ styringsgruppe (tilrår til fellesnemnda):
Programansvarleg og assisterande programansvarlege

Prosjektansvarleg:
Vert å kome attende til

Prosjektleiar og –gruppe:
Vert å kome attende til

5.2. Interessentar i konseptfasen

- Samarbeidskommunar
- Aktuelle IKS og AS.

5.3. Resultata frå konseptfasen

Målet med konseptfasen er å utarbeide eit prosjektforslag.

5.4. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen

Prosjektet vil i konseptfasen ikkje krevje kostnader utover det som er budsjettert for programkontoret.

6. GJENNOMGANG AV BP1 SJEKKLISTE

[Før dette mandatet blir lagt fram for godkjenning i administrativ styringsgruppe, bør forslagsstillaren gå gjennom sjekklista for BP1. Kan forslagsstillaren verifisere at innhaldet i mandatet gir tilstrekkeleg grunnlag for positiv BP1-avgjerd? Eventuelle punkt der det er noko uklart eller særskilte tilhøve skal kommenterast.]

	Sjekkpunkt	**Kommentar**
1.	Er innhaldet i mandatet tydeleg?	
2.	Er omfanget av organisasjonsprosjektet tydeleg definert?	
3.	Er det tydeleggjort kva politiske føringar, prinsipp og andre avtalar som gjeld, og må takast omsyn til?	
4.	Er prosjektleiar og øvrige sentrale ressurser utpeikt	
5.	Er det behov for meir informasjon, før ein kan ta ei avgjersle?	

7. RETTLEIING – MANDAT FOR KONSEPTFASEN

Kva er eit mandat for konseptfase/prosjektetablering?
Dette mandatet er eit dokument som blir etablert av organisasjonen som eig og set i verk ei utgreiing av eit mogleg prosjekt. Det blir utarbeidd på bakgrunn av eit behov eller ein idé til eit prosjekt.

Føremålet med mandatet:
Det overordna føremålet med mandatet er å tydeleg beskrive behovet eller idéen som skal utgreiast, og dei rammevilkåra som gjeld for konseptfasen.

Kven utarbeider mandatet?
Prosjekteigar utarbeider mandat i samarbeid med prosjektleiar. Dokumentet blir ikkje oppdatert etter BP1, då det i løpet av konseptfasen blir erstatta av prosjektforslaget og seinare av styringsdokumentet.

Når skal mandatet utarbeidast?
Mandatet for konseptfase(prosjektetableringsfase) skal utarbeidast før vedtakspunkt 1 (BP1) i forkant av konseptfase(prosjektetableringsfase) .

Kven tek imot mandatet?
Prosjektstyret (dei tre rådmennene) tek imot mandatet for konseptfasen. Dokumentet blir arkivert i websak ved BP1, når innhaldet er godkjent.

Korleis bruke dokumentmalen?
Malen hjelper deg med å passe på at du har fått med alt som dokumentet bør seie noko om. Og til å få ein god struktur i dokumentet som gjer det oversiktleg og lett å lese. Alle prosjekt er forskjellige, så det er ikkje sikkert at alle punkta i malen er like relevante for ditt prosjekt. I alle høve vil malen ha ei verdi som «sjekkliste» for kva du bør skrive om i dokumentet. Dersom eit punkt ikkje er relevant for prosjektet ditt, skriv du berre «Ikkje relevant». Dersom det er noko du ønsker å dokumentere som ikkje ligg i malen kan du gjerne legge inn eit nytt punkt.



VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/173
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
026/18	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.11.2018
066/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Mandat rapportering i Alver kommune

Saksopplysningar:
Saka skal til uttale i PSU
Saka skal vedtakast i fellesnemnda

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Mandat rapportering i Alver kommune vert vedteke som det ligg føre til saka.

Vedlegg i saken:

26.11.2018	Mandat Rapportering i Alver kommune	1325326

ALVER KOMMUNE
Vi byggjer Alver kommune

Mandat for konseptfase

Fagprosjekt (hovudprosjekt med politisk styring)

RAPPORTERING I ALVER KOMMUNE

ØKONOMI

Prosjektnummer: <økonomi>	**Sak nummer:** <websak>	
Dato/Forfattar: <Produksjonsdato og av kven>		
Vedtak/Dato: <Godkjent av <styringsgruppe> og dato >		

Innhald

1. Bakgrunn 3
2. Føremålet med prosjektet 3
2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020? 3
2.2. Kva er ønskjeleg at vert samordna innanfor programperioden? 3
2.3. Ambisjonar for forbetringsarbeid 3
2.4. Arbeidsprosessar versus IKT-verktøy? 3
3. Føringar for prosjektet 4
3.1. Intensjonsavtale 4
3.2. Styringsdokument 5
3.3. Samanheng med andre prosjekt? 5
3.4. Er samarbeid med andre verksemder aktuelt? 5
4. Erfaringar og annan nyttig informasjon 5
5. Omtale av konseptfasen 6
5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen 6
5.2. Interessentar i konseptfasen 6
5.3. Resultata frå konseptfasen 6
5.4. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen 7
6. Gjennomgang av BP1 Sjekkliste 7
7. Rettleiing – Mandat for konseptfasen 8

1. BAKGRUNN

Fagprosjekter omfattar alle prosjekt som ikkje klart er definert som organisasjonsprosjekt eller IKT-prosjekt.

Det er same prosjektmetodikk som ligg til grunn for hovudprosjekt med politisk styring som for hovudprosjekt med administrativ styring. I hovudprosjekt med politisk styring vert politisk prinsipielle avgjerder vert lagt fram for fellesnemnda og vert lagt inn som avgjerdspunkt i hovudprosjektmandatet/hovudprosjektforslaget.

- Alver kommune treng eit rapporteringssystem frå oppstart 01.01.2020 for å sikre god styring av den nye kommunen.
- Målgruppe er politiske organ, toppleiargruppa, tenestelairar og avdelingsleiarar.
- Etablere et nytt rapporteringssystem for Alver kommune, men sikre at viktige element i dagens rapportering i de tre kommunane blir tatt med vidare.

2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Føremålet med dette fagprosjektet er:

- Sikre heilskapleg rapportering for Alver kommune.
- Etablere rapportering som fungerer som støtte for avgjerder på ulike avgjerdsnivå.
- Dekke rapporteringsbehovet for ein tidshorisont på mindre enn eit år. (Tertial, kvartal og eller månad.)
- Dekke rapporteringsbehovet knytt til økonomi, investeringar, kvantitative og kvalitative nøkkeltal.

Ein skal minimum ta stilling til føljande:

2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020?

Prosjektet vil i konseptfasen ta stilling til kor mykje og kva rapportering som er naudsynt frå januar 2020.

2.2. Kva er ønskjeleg at vert samordna innanfor programperioden?

Prosjektet vil i konseptfasen ta stilling til kva rapportering ein skal arbeide vidare med i løpet av 2020.

2.3. Ambisjonar for forbetringsarbeid

Alver kommune blir vesentleg større enn dei tre eksisterande kommunane. Det gjev større styringsutfordringar. Dette krev betre rapportering og rapportering på fleire områder enn i dag.

2.4. Arbeidsprosessar versus IKT-verktøy?

Ikkje relevant

3. FØRINGAR FOR PROSJEKTET

3.1. Intensjonsavtale

Kapittel 2. Visjon

«Nordhordland kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling. Vi byggjer ein ny kommune for å møta framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Kapittel 3. Verdiar, mål og prinsipp

- Vi skal byggja ein ny kommune
- Alle kommunar er likeverdige partar
- Vi skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon
- Vi skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen
- Vi skal byggja vidare på felles identitet og kultur
- Vi skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv
- Vi skal ha likeverdige tenester i heile kommunen
- Vi skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur
- Vi skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa
- Vi skal digitalisera dialogen med innbyggjarane
- Vi skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

Eit effektivt rapporteringssystem som famnar breiare enn kva som tidlegare har vert rapportert kunne vere med å sikre god tenesteyting ut frå dagens og framtidige behov og sikra likeverdige og gode tenester i heile kommunen.

Kapittel 7, Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse - utdrag:

- Når me skal ta stilling til korleis me skal organisera dei kommunale tenestene, er det viktig å vurdera dette i lys av behovet i framtida. Ein ny kommune skal yta gode tenester ut frå dagens behov, og den skal kunna handtera framtidas utfordringar og arbeidsoppgåver

For å sikra effektiviseringsgevinstar som følgje av kommunesamanslåinga er det naudsynt å identifisera gode indikatorar for å sikre oppfølging av gevinstrealiseringsarbeidet. Systematisk rapportering av dei riktige nøkkeltala vil kunne gjere oss i stand til å kartlegge eventuelle risikoar tidleg og vidare gjere oss i stand til å handtere slike utfordringar.

Kapittel 8, Økonomi – harmonisering av skattar og avgifter

- Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar, m.a. innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja handlefridomen til å utvikla tenestene og ved å setja av midlar til eit kommunalt utviklings- og næringsfond.

3.2. Styringsdokument

- Alver kommune: Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing, Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune
- Retningslinjer for prosjektstyring i Alver kommune
- Omstillingsavtalen
- Kommunikasjonsstrategi for Alver kommune

3.3. Samanheng med andre prosjekt?

- Økonomisk politikk og handlingsreglar (økonomi- og finansreglement). Desse reglementa vil innehalde krav til rapportering som må løysast i dette prosjektet.
- Økonomiplanarbeidet. Rapporteringa må henge saman men korleis budsjettet vert satt opp.

3.4. Er samarbeid med andre verksemder aktuelt?

Ikkje aktuelt.

4. ERFARINGAR OG ANNAN NYTTIG INFORMASJON

Andre kommunar har i ulik grad og med varierande omfang utvikla rapporteringssystem retta mot politikarar og leiargruppe. Vi har vore i kontakt mellom anna Stavanger og Sandnes kommunar for å hente erfaringar. Her har dei opplevd at eit slikt rapporteringssystem kan vere med på å sikre forbetringsarbeid innan ulike tema, blant anna sjukefråvær. Vidare har

dei sett at det er naudsynt å gå djupare og meir analytisk til verks for å identifisera kausale effektar.

Vidare arbeidar KS saman med fleire kommunar om å utarbeide ei indikatoroversikt til gevinstrealiseringsarbeid. Vi trur denne rapporten også kan vere nyttig i den daglege drifta av kommunen, og kan gi ein peikepinn på kausale effektar som vil vere nyttig for å drive nye Alver kommune, samt vere gode styringsverktøy i ein stor kommune. Rapporten forventast ferdig i løpet av desember 2018.

I 2017 kom Senter for økonomisk forsking med ein hovudrapport i prosjektet «nullpunktsmåling», kor formålet var å gjennomføra ei nullpunktsmåling for å leggje grunnlag for å evaluere om eller i kor stor grad kommunereforma oppnådde sine mål. Sjølv om denne rapporten har eit meir statleg perspektiv kan den vere nyttig for arbeidet med eit rammeverk for internrapportering. Saman med rapporten kom databasen www.kommunedata.no med formål om å gjere data som kan bidra til god styring og planlegging meir tilgjengeleg for den enkelte kommune.

5. OMTALE AV KONSEPTFASEN

5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen

Oppdragsgjevar:
Fellesnemnda

Administrativ styringsgruppe:
Programansvarleg og assisterande programansvarlege

Prosjektansvarleg:
Vert å kome attende til

Prosjektleiar og –gruppe:
Vert å kome attende til

5.2. Interessentar i konseptfasen

Målgruppene. Sjå kapittel 1.

5.3. Resultat frå konseptfasen

Prosjektforslag

5.4. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen

Prosjektet vil i konseptfasen ikkje krevje kostnader utover det som er budsjettert for programkontoret.

6. GJENNOMGANG AV BP1 SJEKKLISTE

	Sjekkpunkt	**Kommentar**
1.	Er innhaldet i mandatet tydeleg?	
2.	Er omfanget av prosjektet tydeleg definert?	
3.	Er det tydeleggjort kva føringar, prinsipp og andre avtalar som gjeld, og må takast omsyn til?	
4.	Er prosjektleiar og øvrige sentrale ressurser utpeikt?	
5.	Er det behov for meir informasjon, før ein kan ta ei avgjersle?	

7. RETTLEIING – MANDAT FOR KONSEPTFASEN

Kva er eit mandat for konseptfase/prosjektetablering?
Dette mandatet er eit dokument som blir etablert av organisasjonen som eig og set i verk ei utgreiing av eit mogleg prosjekt. Det blir utarbeidd på bakgrunn av eit behov eller ein idé til eit prosjekt.

Føremålet med mandatet:
Det overordna føremålet med mandatet er å tydeleg beskrive behovet eller idéen som skal utgreiast, og dei rammevilkåra som gjeld for konseptfasen.

Kven utarbeider mandatet?
Prosjekteigar utarbeider mandat i samarbeid med prosjektleiar. Dokumentet blir ikkje oppdatert etter BP1, då det i løpet av konseptfasen blir erstatta av prosjektforslaget og seinare av styringsdokumentet.

Når skal mandatet utarbeidast?
Mandatet for konseptfase(prosjektetableringsfase) skal utarbeidast før vedtakspunkt 1 (BP1) i forkant av konseptfase(prosjektetableringsfase) .

Kven tek imot mandatet?
Prosjektstyret (dei tre rådmennene) tek imot mandatet for konseptfasen. Dokumentet blir arkivert i websak ved BP1, når innhaldet er godkjent.

Korleis bruke dokumentmalen?
Malen hjelper deg med å passe på at du har fått med alt som dokumentet bør seie noko om. Og til å få ein god struktur i dokumentet som gjer det oversiktleg og lett å lese. Alle prosjekt er forskjellige, så det er ikkje sikkert at alle punkta i malen er like relevante for ditt prosjekt. I alle høve vil malen ha ei verdi som «sjekkliste» for kva du bør skrive om i dokumentet. Dersom eit punkt ikkje er relevant for prosjektet ditt, skriv du berre «Ikkje relevant». Dersom det er noko du ønsker å dokumentere som ikkje ligg i malen kan du gjerne legge inn eit nytt punkt.



VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/162
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
027/18	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.11.2018
067/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Møteplan 2019

Bakgrunn

Fellesnemnda skal ha ein møteplan fram til kommunestyret i Alver kommune vert konstituert.

Saksutgreiing

Fellesnemnda har så langt hatt møte fyste måndag i månaden. Dette vert vidareført i forslaget.

Det vil vere vanskeleg å førebu saker til eit møte 7. januar. Saksførebuande nemnd foreslår derfor at møtet i januar går ut, medan møtet i februar vert flytta fram til 28. januar.

Fellesnemnda har funksjonstid fram til kommunestyret i Alver kommune vert konstituert. Det er då naturleg med møte både i september og oktober.

Ut i frå dette vert møteplanen som følgjer:

Fellesnemnd	**PSU**
28. januar	24. januar
4. mars	28. februar
1. april	28. mars
6. mai	2. mai
3. juni	29. mai (onsdag pga Kristi himmelfartsdag)
2. september	29. august
7. oktober	3. oktober

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Fellesnemnda vedtek møteplanen slik den går fram av saksutgreiinga.

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/165
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
028/18	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.11.2018
068/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Konsolidert økonomiplan Alverkommunane

Saksopplysninger:
Saka skal til uttale i PSU
Saka skal avgjerast i fellesnemnda.

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Vedlegg i saken:

26.11.2018	Notat konsolidering av økonomiplanane	1325314



Konsolidering av økonomiplanane for Radøy, Meland og Lindås

2019 – 2022

Notat som følgjer den politiske handsaminga av budsjett og økonomiplan 2019 - 2022 i kvar kommune november/ desember 2018.

Konsolidering av økonomiplanane for Radøy, Meland og Lindås 2019 – 2020

Fellesnemnda gav i møte 15.01.2018 følgjande uttale om arbeidet med økonomiplanen:

- Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- Fellesnemnda meiner at dei vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalsvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinerer arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:
    - Investeringar og behov i Alver kommune
    - Gebyr- og betalingssatsar
    - Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.

Rådmennene i Lindås, Meland og Radøy har hatt som utgangspunkt å ha like føresetnader for økonomiplanarbeidet så langt det let seg gjera, og la følgjande føringar for økonomiplanarbeidet i kvar kommune:

- Folketalsvekst vert føresett å følgja landsnivå. Mogelege avvik skal gå direkte fram av kvar kommune sin økonomiplan, og eliminerast ut i den konsoliderte versjonen av økonomiplanane då veksten totalt sett for Alver vert om lag på landsgjennomsnittet.
- Framtidig rentenivå skal være det same i dei tre kommunane, og i samsvar med Kommunalbanken sitt framlegg til budsjettrenter. I dei tilfella der ein kommune har aktiv gjeldsforvaltning, legg ein til grunn ei gjeldsrente som speglar differansen mellom faktisk oppnådd gjeldsrente og gjeldsrenta som er lagt fram av KNB.
- Avdragsprofilane i kommunane er ikkje like. Det skal gå fram av konsolidert økonomiplan kva effekten er ved å ha lik avdragsprofil. I den konsoliderte utgåva vert minimumsavdrag lagt til grunn.
- Skatt og rammetilskot er basert på siste utgåve av KS sin modell for utrekning av skatt og rammetilskot.
- Eigedomsskatt vert vidareført med kvar kommune sine føresetnader for åra 20-22. For Meland og Radøy skal det gå fram av økonomiplanen kor stor del av eigedomsskatten som gjeld bustader, hytter og anna næring. Eigedomsskatt som etter intensjonsavtalen ikkje skal være i Alver, skal eliminerast ut i ein konsolidert økonomiplan. Eigedomsskatten som er eliminert ut er eigedomsskatt på hus, hytter og næring.
- Konsolidering av økonomiplanane til ein plan for Alver vert utarbeidd på grunnlag av budsjett for 2019 som er utarbeidd per november 2018. Den konsoliderte økonomiplanen skal vera klar før ordinær handsaming av budsjett for 2019 i kvar kommune, og vert lagt fram som eit vedlegg til orientering.
- Gebyrsatsane vert føresett vidareført for kvar kommune, med sitt utgangspunkt. Samordning av gebyr blir eit eige prosjekt og eigen sak, og er ikkje ein del av økonomiplanarbeidet.

Den konsoliderte versjonen av økonomiplanane for dei tre kommunane byggjer på prinsippet om vidareføring av budsjett 2019 for åra 2020 - 2022. Det er ikkje lagt inn forventa auke i skatt og ramme knytt til vekst utover landsgjennomsnittet, da veksten for Alver kommune vil ligge om lag (truleg noko lågare) som landsnittet. Vekst utover kompensasjon for lønns og prisauke er eliminert bort i den konsoliderte versjonen.

Det er ikkje tatt omsyn til redusert møtegodtgjersle for politisk styring frå 2020 og lågare utgifter til revisjon. Dette vert å kome tilbake til når vi starter økonomiplanarbeidet for Alver for 2020 (i 2019) når politisk styringsreglement ligg føre.

Eigedomsskatt på hus, hytter og næring er eliminert bort, i tillegg til at det er lagt inn effekt av å nytte minimumsberekning på avdraga i den konsoliderte versjonen.

Basert på føresetnadene skissert over får vi følgjande driftsbudsjett (skjema 1A) for Alver kommune:

DRIFTSBUDSJETT- kom.nr 4631 Alver	Radøy, Meland og Lindås Budsjett 2019	Alver Budsjett 2020	Alver Budsjett 2021	Alver Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-756 997	-756 988	-756 988	-756 988
Ordinært rammetilskot	-873 495	-870 948	-870 737	-870 751
Kompansert bortfall verk og bruk	-25 243	-50 486	-75 729	-100 972
Eigedomsskatt	-186 954	-125 578	-97 325	-70 072
Andre generelle statstilskot	-63 866	-67 445	-50 817	-56 851
Konsesjonskraft, avgift	460	460	460	460
Frie disponible inntekter	**-1 906 095**	**-1 870 985**	**-1 851 136**	**-1 855 174**
Renteinntekter og utbytte	-38 114	-42 396	-47 458	-47 120
Renteutgifter	56 171	76 693	90 892	87 900
Avdragsinntekter (VA)	-24 554	-27 167	-29 662	-30 833
Avdrag på lån	92 482	96 831	108 886	113 294
Netto finansutgifter	**85 985**	**103 961**	**122 658**	**123 241**
Premieavvik pensjon	-36 800	-50 295	-40 354	-36 260
Bruk av premiefond	-10 611	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	9 425	3 798	0	17 507
Bruk av disposisjonsfond	-5 000	0	-14 224	-1 500
Bruk av bundne fond	0	0	0	0
Netto avsetningar	**-42 986**	**-46 497**	**-54 578**	**-20 253**
Overført til investeringsrekneskap 1)	31 379	31 379	29 945	20 420
Til fordeling drift	-1 816 717	-1 807 467	-1 804 784	-1 797 392
Motpost avskrivingar	0	0	0	0
Sum til fordeling drift	**-1 831 717**	**-1 782 142**	**-1 753 111**	**-1 731 766**
Netto driftsutgifter tenesteområda	1 831 686	1 817 202	1 805 669	1 783 260
Meirforbruk/mindreforbruk	**-31**	**35 060**	**52 558**	**51 494**

Når vekst utover lønns og prisstigning og eigedomsskatt på hus, hytter og næring er eliminert bort, får vi eit bilete av korleis dei konsoliderte økonomiplanane samla ser ut i eit Alver perspektiv. Med de føresetnadene som ligg i intensjonsavtalen og rammene vi har for eksisterande drift, vil vi mangle 35 mill. kr i 2020, 52 mill. kr i 2021 og 51 mill. kr i 2022.

Det er lagt inn store innsparingar i dei tre økonomiplanane for å klare å utarbeide ein økonomiplan i balanse i den einskilde kommune. Innsparingane som er lagt inn samla sett i dei tre kommunane er:

Alle tall i millioner nok	Nye tiltak i 2019	Total årseffekt	Nye tiltak i 2020	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2021	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2022	Total akkumulert årseffekt
Tenesteområde								
Uspesifisert	4,3	4,3	8,6	12,9	15,4	28,3	6,9	35,2
Adm., styring og støttefunksjonar	2,5	2,5		2,5		2,5		2,5
Oppvekst	2,6	2,6	1,4	6,1		6,1	2,6	8,7
Pleie og omsorg			5,0	5,0	7,8	12,8	12,3	25,1
Helse og sosial	0,1	0,1	0,3	0,4	0,4	0,8		0,8
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	6,8	6,8	2,3	9,1	1,2	10,3		10,3
Sum	16,3	16,3	17,6	36,0	24,8	60,8	21,8	82,6

For Alver kommune akkumulert må vi finne innsparingstiltak/ auka inntekter på om lag 134 mill. Kr for å klare å utarbeide ein økonomiplan for Alver kommune i balanse i 2022.

Oversyn disposisjonsfond:

DISPOSISJONSFOND Lindås	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	109 516	118 171	119 969	108 745
Avsett disposisjonsfond	12 155	5 298	0	17 507
Bruk av disposisjonsfond (KLP)	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Bruk av disposisjonsfond			-7 724	
31.12	118 171	119 969	108 745	122 752

Fond, langsiktig plassering (inkl avkastningsbuffer) Lindås	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	120 000	120 000	120 000	120 000
31.12.	120 000	120 000	120 000	120 000

DISPOSISJONSFOND Radøy	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	24 896	24 896	24 896	24 896
31.12	24 896	24 896	24 896	24 896

DISPOSISJONSFOND (inkl flyktningefond) Meland	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1	34 530	29 800	22 150	11 300
Bruk	-4 730	-7 650	-10 850	-11 250
31.12	29 800	22 150	11 300	50

Investeringsbudsjetta som er lagt inn i dei tre økonomiplanane, og som det er berekna renter og avdrag av, er:

Lindås kommune:

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Sum 2019-2022
1	Investering administrasjonsbygg	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
	Sum administrasjonsbygg (delsum)		**2 000**	**2 000**	**2 000**	**2 000**	**8 000**
2	Ny Alversund barneskule inkl hall	294 500	171 000	76 251			247 251
3	Ny alversund barneskule Infrastruktur /veg/ VA og kulturmi	22 000	22 000				22 000
4	Tomt ny Alversund barneskule og infrastruktur	31 500					0
5	Knarvik barneskule inkl hall	235 000	35 000				35 000
	Lønns og prisstigning Knarvik 2019 kroner		500				500
6	Oppgradering av Eikanger skule	3 000	3 000				3 000
7	Ny Eikanger skule	115 000	1 000	10 000	10 000	75 000	96 000
8	Tomt Eikanger skule						
9	Leikeplassutstyr	Løpande	250	250	250	250	1 000
10	Påbygg Leiknes skule	23 600	2 500				2 500
	Lønns og pristigning 2019 kroner		600				600
11	Investering skulebygg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
	Sum skulebygg (delsum)		**240 850**	**91 501**	**15 250**	**80 250**	**427 851**
12	Utstyr idrettsanlegg	Løpande	200	200	200	200	800
13	Investering Kultur og idrett	Løpande	200	200	200	200	800
14	Veg/ infrastruktur Hall Ostereidet	15 000		15 000			15 000
15	Hall Ostereidet	50 000	20 000	29 500			49 500
	Sum kultur og idrett (delsum)		**20 400**	**44 900**	**400**	**400**	**66 100**
16	Ny barnehage Lindås	65 000	18 000	44 000	500		62 500
17	Veg/ infrastruktur Ny barnehage			5 000			5 000
18	Investering barnehagebygg	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
	Sum barnehagebygg (delsum)		**19 000**	**50 000**	**1 500**	**1 000**	**71 500**
19	Nye bustader rus og psykiatri	13 700	3 200	10 000			13 200
	Lønns og prisstigning bustader rus og psykriatri		80	220			300
20	Utstyr omsorgsteknologi		800				800
21	Investering bustader	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
22	BSHP - Prosjektering, Kjøp av 4 hybler til ungdommer	Ikke avklart		200			200
23	BSHP - Prosjektering, 6 leiligheter til voksne/ familier	Ikke avklart		200			200
	Sum helse og sosial (delsum)		**6 080**	**12 620**	**2 000**	**2 000**	**22 700**
24	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	1 200	1 000	1 000	1 000	4 200
25	Bufellesskap	25 300	6 000	15 700			21 700
	Lønns og prisstigning bufellesskap		130	120			250
26	Bil med rullestolrampe, avlastningsavdelinga		600				600
27	Takheiser sjukeheim/ funksjonshemma		350				350
	Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)		**8 280**	**16 820**	**1 000**	**1 000**	**27 100**
28	Kyrkjeleg fellesråd		500	500	500	500	2 000
29	Gravplass Lindås		10 000	4 700			14 700
	Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)		**10 500**	**5 200**	**500**	**500**	**16 700**
30	**Sum vann**		**29 000**	**29 000**	**33 000**	**27 000**	**118 000**
31	**Sum avløp**		**42 500**	**50 000**	**46 500**	**23 500**	**162 500**
32	**Sum veg**		**15 300**	**15 300**	**16 500**	**17 000**	**64 100**
33	**Sum Brann**		**400**	**4 000**	**500**	**500**	**5 400**
34	Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
35	Offentlige pålegg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
36	Breibandprosjekt		5 000				5 000
37	Mobilprosjekt		2 250				2 250
38	Planlegging Knarvik		3 000	3 000	2 000	2 000	10 000
39	Utbygging Knarvik	56 000	28 000	28 000			56 000
40	Grunnerverv Knarvik sentrum		8 000				8 000
41	Utbygging Storemyra		25 000				25 000
42	Prestelva		500	1 000			1 500
43	Innløsing tomter Knarvikplan		10 000				10 000
44	Digitalt kartverk		470		500	500	1 470
45	Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
46	Nettbrett til skuleelevar		1 000				1 000
47	IKT-anlegg		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
48	Egenkapitalinnskot KLP		3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
	Sum andre tiltak		**98 220**	**47 000**	**17 500**	**17 500**	**180 220**
	Brutto investeringar		**492 530**	**368 341**	**136 650**	**172 650**	**1 170 171**

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Sum 2019-2022
Investeringar finansiert av kommunale inntekter	421 030	289 341	57 150	122 150	889 671
Investeringar finansiert av gebyr vatn og avløp	71 500	79 000	79 500	50 500	280 500
	492 530	**368 341**	**136 650**	**172 650**	**1 170 171**

Radøy kommune:

Økonomiplan skjema 2B

	Prosjekt	Sum 2018 - 2022	BR 2018	B 2019	B 2020	B 2021	B 2022	Sum 2019 - 2022
K12801	Utskifting av bilar	3 343	1 343	500	500	500	500	2 000
K15301	Radøyhallen oppgraderingar	2 800	1 800	1 000				1 000
K15831	Kyrkja	7 975	5 000	2 225	250	250	250	2 975
K19201	Mindre investeringar	7 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
K21201	Uteområde Hordabø skule	300	300					-
K21302	Utstyr gymsal Manger skule	300	300					-
K21301	Manger skule utviding	14 000	500	1 500	12 000			13 500
K21305	Manger skule uteområde	1 500			1 500			1 500
K21401	Sæbø skule uteområde	1 800	1 800					-
K21901	Radøy ungdomsskule, oppgrad	600	100	500				500
K61011	Rådhus/kulturhus/kino	10 000		5 000	5 000			10 000
K27111	Austebygd barnehage, inkl uteområde	3 106	206	2 900				2 900
K27121	Ny barnehage Bø	48 400	1 400	47 000				47 000
K27131	Vognskur Sæbø barnehage	160	160					-
K32101	Velferdssenteret oppgradering	1 000	-	1 000				1 000
K32001	Oppfølg bustadsosial handlplan	24 500	500	14 000	10 000			24 000
K32251	Oppgrad omsorgsbustader	4 000	500	3 500				3 500
K31331	Ny RIB	3 000					3 000	3 000
K48001	Turveg/lysløype Manger	5 600	2 600	3 000				3 000
K61021	Prestegarden/hagen/tingstova	2 360	360	2 000				2 000
K61031	Helsehuset	1 500	1 500					-
K61041	Kommunale bustader	-	-					-
K61091	Solhall oppgradering	54 136	25 406	19 230		9 500		28 730
K65001	Brannstasjon	16 200	200	1 000	15 000			16 000
K62000	Vassprosjekt iht plan	58 025	5 225	11 400	21 900	14 500	5 000	52 800
K63000	Avløpsprosjekt iht plan	38 500	3 000	19 500	8 800	2 500	4 700	35 500
K65002	Brannvernutstyr	100	100	-				-
K67002	Parkeringplass Marøy	250		250				250
K48002	Tursti Solendfjellet	200		200				200
K67601	Tiltak iht trafikksikringsplan	6 200	2 200	2 000	2 000	-		4 000
	Sum investering	**317 355**	**56 000**	**139 205**	**78 450**	**28 750**	**14 950**	**261 355**

Meland kommune:

nr	Investerigar i ordinære driftsmidlar	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
	IKT	**4 900**	**2 075**	**1 800**	**1 625**	**1 625**	**7 125**	**-**
100	IKT diverse direkte invest kommunen	750	750	750	750	750	**3 000**	
101	IKT-prosjekt via IKT NH	1 500	500	500	500	500	**2 000**	
109	Digitalisering av eigedomsarkivet	1 625					-	
256	Datautstyr skulane	625	625	375	375	375	**1 750**	
	Digital Transformasjon skulane	150	200	175			**375**	
111	Datautstyr - Realfagsstrategi	250					-	
	Skular og barnehage	**32 963**	**35 588**	**1 500**	**2 750**	**1 500**	**41 338**	**398 750**
253	Tilbygg Grasdal skule	1 500					-	
254	Tilbygg Sagstad skule	12 238					-	
257	Uteområde skular	475	250	250	250	250	**1 000**	
261	Uteareal Sagstad skule	17 500	2 500				**2 500**	
262	Utgreiing/planlegging ungdomsskule	1 250					-	311 250
262	Styrking ungd.skule, basseng, bibliotek, gym.sal, kultur.						-	87 500
259	Skifte tak Vestbygd skule	-	3 125				**3 125**	
263	Auka kapasitet Meland ungdomsskule		14 250				**14 250**	
	Ekstra modular Meland ungd.skule -strukturprosjekt		14 650				**14 650**	
	Ny barneskule Frekhaug /alt. utviding Sagstad - (utgreiing)			1 250	1 250		**2 500**	
	Nytt ventilasjonsanlegg Grasdal skule		813				**813**	
	Ny barneskule Flatøy (utgreiing)				1 250	1 250	**2 500**	
	Helse, sosial og omsorg	**25 580**	**23 125**	**22 500**	**22 500**	**-**	**68 125**	**-**
350	Utleigebustader for vanskelegstilte	17 330	10 000	10 000	10 000		**30 000**	
351	Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	4 750	875	12 500	12 500		**25 875**	
355	Utgreiing nye omsorgsbustader Frekhaug	625	-	-	-		-	
356	Spesialtilpassa utleigebustader/småhus		7 500	-	-		**7 500**	
354	Balkong omsorgsbustader Meland rådhus	875	-	-	-		-	
376	Omsorgsteknologi / kvardagsrehabilitering	1 250	-	-	-		-	
377	Takheisar Meland sjukheim	750	-	-	-		-	
	Nytt ventilasjonsanlegg Meland sjukeheim		875				**875**	
	Tilbygg og ombygging Lerketunet		1 875				**1 875**	
	Kjøp av lokaler til fysioterapi		2 000				**2 000**	
	Kyrkje, kultur og næring	**10 900**	**25 450**	**17 125**	**8 000**	**-**	**50 575**	**87 500**
570	Utviding av kyrkjegard	1 100	1 100	14 000	8 000		**23 100**	
578	Kjøp av sentrumsareal	3 500	-	-	-		-	
579	Nytt varmeanlegg og kabelnett	150	2 975	-	-		**2 975**	
581	Arbeidskyrkje - kommunalt tilskot	625					-	87 500
556	Restaurering av meieribygget	3 075	17 500	-	-		**17 500**	
557	Turstiar/lyssette turløypar	625	2 500	3 125	-		**5 625**	
559	Aktivitetsområde Frekhaug torg	1 000	-	-	-		-	
558	Parkering/rasteplassar	625	625	-	-		**625**	
	Overbygg scene/amfi Frekhaug torg		750				**750**	
544	Areal ro- og jollesegling	200	-	-	-		-	
	Teknisk sektor	**27 600**	**15 313**	**6 500**	**6 500**	**5 625**	**33 938**	**31 250**
756	Saltspreiarar	150					-	
760	Kommunale vegar	2 125	1 875	1 875	1 875	1 875	**7 500**	
761	Trafikksikring	625	625	625	625	625	**2 500**	
762	Kommunale bygg	3 750	3 125	3 125	3 125	3 125	**12 500**	
766	Nye ventilasjonsaggregat rådhuset	1 188					-	
787	Forskottering underg./trafikksikr. Holme	3 000					-	
789	Ny driftsstasjon	15 300	4 000				**4 000**	
791	Utbetr./opprensking, gangsti og Veilys Mjåtv	563					-	
776	Fortau Mjåtveitvegen	375	3 500				**3 500**	
796	Oppgradering Frekhaug sentrum	-		875	875		**1 750**	31 250
767	Oppgradering adgangssystem Meland rådhus		300				**300**	
768	Oppgradering heis Meland rådhus	525	-				-	
769	Varmepumpe Meland rådhus		1 188				**1 188**	
	Utgreiing behov for opprydding Moldekleiv søppelfyllin		375				**375**	
	Maskin for miljøvenleg ugrasfjerning		325				**325**	
	Sum ordinære driftmidlar:	**101 943**	**101 551**	**49 425**	**41 375**	**8 750**	**201 101**	**517 500**

	Investeringar i Vassverk og avlaup (ekskl. mva)	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
	Vatn	**18 040**	**78 800**	**47 850**	**13 300**	**13 100**	**153 050**	**-**
601	Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	7 600	41 800	25 650			**67 450**	
656	Vassleidning Tveit-Holme						-	
654	VA-kryssing E39	390					-	
662	VA-anlegg Holmeknappen-Tveit	4 000	5 000				**5 000**	
676	VA-anlegg Meland vassverk - Meland høgdeb	800	16 200				**16 200**	
677	VA-anlegg Myrvollane-Moldekleiv	500	5 600	10 000			**15 600**	
678	Vassleidning Litlebergen - Flatøy - Isdalsstø	500	6 200				**6 200**	
	VA-anlegg Fosse-Moldekleiv		1 000	9 200	10 300		**20 500**	
	Vassleidning Fosse-Frekhaug					10 100	**10 100**	
675	Oppgradering VA Frekhaug sentrum	1 250					-	
680	Mindre prosjekt vatn	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	**12 000**	
	Avlaup	**11 945**	**25 200**	**12 700**	**9 900**	**3 000**	**50 800**	**-**
654	VA-kryssing E39	750					-	
662	Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	4 500	12 200				**12 200**	
663	Separering Grønlandsområdet	45					-	
668	Sanering Rosslandspollen	1 000					-	
676	VA-anlegg Meland vassverk-Meland høgdeba	200	4 300				**4 300**	
677	VA-anlegg Myrvollane-Moldekleiv	200	1 800	3 500			**5 300**	
675	Oppgradering VA Frekhaug sentrum	2 250					-	
678	VA-leidning Litlebergen - Flatøy - Isdalsstø		3 200				**3 200**	
691	Avlaupsleidning Meland vassverk - Moldekleiv						-	
	VA-anlegg Fosse-Moldekleiv		700	6 200	6 900		**13 800**	
690	Mindre prosjekt avlaup	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	**12 000**	
	Sum VA-investeringar:	**29 985**	**104 000**	**60 550**	**23 200**	**16 100**	**203 850**	**-**
	Finansiering og kapitalinntekter VA-investeringar							
	Lån	29 985	104 000	60 550	23 200	16 100	**203 850**	-
	Sum finansiering VA-investeringar:	**29 985**	**104 000**	**60 550**	**23 200**	**16 100**	**203 850**	**-**
	Sum alle investeringar:	**149 578**	**216 201**	**121 675**	**77 275**	**37 550**	**452 701**	**517 500**

Knarvik, 12.11.2018

Programansvarlig Ørjan R. Forthun

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/163
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
069/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn
Fellesnemnda vedtok «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune» i sitt møte 4. desember 2017. Dette reglementet inneheld ikkje reglar for handsaming av spørsmål og interpellasjonar. Med bakgrunn i innkomne interpellasjonar er det naudsynt å ha reglar for korleis desse skal handsamast.

Saksutgreiing
Forslaget nedanfor har teke utgangspunkt i handsaminga av spørsmål og interpellasjonar i dei tre kommunestyra i dag. Dette vert nytt punkt 1.15 i reglementet. Gjeldane 1.15 og 1.16 vert høvesvis 1.16 og 1.17:

1.15 Reglar for spørsmål og interpellasjonar:
Spørsmål og interpellasjonar skal handsamast til slutt i møtet. Det vert sett av inntil 30 min. Spørsmål og interpellasjonar vert handsama i den rekkefølgja dei er komen inn. Det skal vera tydeleg skilje på om det er spørsmål eller interpellasjon som vert handsama. Leiar av fellesnemnda avklarar dette.

a. *Spørsmål*

Utanom dei sakene som står i innkallinga til fellesnemnda, kan medlemmer og varamedlemmar som er tilstade, retta spørsmål til leiar av fellesnemnda. Interpellasjonar skal meldast skriftleg til leiar av fellesnemnda minst 2 virkedagar før møtestart. Leiar av fellesnemnda kan la programansvarleg eller ein som opptrer på vegne av programansvarleg, svara. Ved handsaming av spørsmål kan den som spør og den som svarar ha eit innlegg kvar. Dei kan dessutan ha ordet ein gong kvar til konkrete merknader. Ingen andre kan ha ordet.

b. *Interpellasjonar*

Spørsmål av prinsipiell art, der det vert føresett meir omfattande svar og eventuelt debatt, vert å behandla som interpellasjon. Interpellasjonar skal meldast skriftleg til leiar av fellesnemnda minst 7 dagar før møtestart. Under handsaming av interpellasjonen kan interpellanten, leiar av fellesnemnda og den som svarar på interpellasjonen, om dette er ein annan enn leiar av fellesnemnda, få ordet to gonger. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong.

I samband med interpellasjonar kan det setjast fram forslag som det skal voterast over, med mindre møteleiar eller 1/3 av dei møtande representantane motset seg dette, jf. kommunelova § 34, nr. 1.

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:
Fellesnemnda vedtek reglar for handsaming av spørsmål og interpellasjonar slik dei går fram av saksutgreiinga som tillegg til «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune».

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Arkiv:
JournalpostID: 18/170
Saksbehandlar: Ørjan Raknes Forthun
Dato: 26.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
070/18	Fellesnemnda Alver	03.12.2018

Melding/orientering til fellesnemnda 03.12.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Meldingar/orienteringar:

- Orientering frå kyrkjeleg fellesnemnd
- Orientering barnevern og løn og rekneskap
- Statusrapport frå programansvarleg
- Opplegg for løpande orienteringar/rapportering 2019 (arbeidsmøte)